

# Naturypekartlegging i Gjesdal og Tysvær kommunar 2013

Torbjørn Høitomt, Kim Abel, Jon T. Klepsland og Anders Thylén



BioFokus-rapport 2014-7



## **Ekstrakt**

BioFokus har på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland kvalitetssikra og nykartlagt naturtypar i Gjesdal og Tysvær kommuner. Totalt 57 naturtypelokalitetar vart kartlagt i 2013. Desse fordeler seg på 11 lokalitetar med A-verdi, 30 med B-verdi og 16 med C-verdi. Store gamle tre, tresett kulturmark og gammal fattig edellauvskog er dei naturtypane som er kartlagt oftast.

## **Nøkkelord**

Rogaland  
Gjesdal  
Tysvær  
Naturtypekartlegging  
Verdivurdering  
Kvalitetssikring

## **Omslag**

FRAMSIDEBILETE

Øvre: Kystskskoddslav.

Midtre: Eikegadd frå Ravndal (lok 224).

Nedre: Utsyn mot sørvest over eikeskog ved Oltedalsvatnet (lok 222).

Alle fotos: Kim Abel (BioFokus).

LAYOUT (OMSLAG)  
*Blindheim Grafisk*

**ISSN:** 1504-6370

**ISBN:** 978-82-8209-336-1

# **Biofokus-rapport 2014-7**

## **Tittel**

Naturtypekartlegging i Gjesdal og Tysvær kommunar 2013

## **Forfattarar**

Torbjørn Høitomt, Kim Abel, Jon T. Klepsland og Anders Thylén

## **Dato**

01.03.2014

## **Tal på sider**

42 sider

## **Publiseringstype**

Digitalt dokument (Pdf). Som digitalt dokument inneheld denne rapporten "levende" lenker.

## **Oppdragsgivar**

Fylkesmannen i Rogaland

## **Tilgjengelegheit**

Dokumentet er offentlig tilgjengelig.

Andre BioFokus -rapporter kan lastas ned frå:

<http://biolitt.biofokus.no/rapporter/Litteratur.htm>

**BioFokus:** Gaustadalléen 21, 0349 OSLO  
Telefon 2295 8598

E-post: [post@biofokus.no](mailto:post@biofokus.no) Web: [www.biofokus.no](http://www.biofokus.no)

## **Forord**

BioFokus har på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland kvalitetssikra tidlegare kartlagde naturtypar samt gjort nykartlegging av ein skjelde naturtypar i Tysvær og Gjesdal kommunar. Audun Steinnes har vore vår kontaktperson hos oppdragsgivar. Torbjørn Høitomt har vore prosjektleiar hos BioFokus. Kim Abel, Jon T. Klepsland og Anders Thylén har òg teke del i arbeidet.

Denne rapporten har som mål å summere opp resultata frå kartlegginga i 2013. Kartlegginga har ikkje vore av eit slik omfang at det er tilrådeleg å gå nærmare inn på kartleggingsstatus for dei ulike kommunane. Denne rapporten er derfor berre meint som ein oversikt over kva som er kartlagt i 2013.

Prosjektets viktigaste leveranse er Naturbasefiler som vert publisert på  
<http://www.dirnat.no/kart/naturbase/>

Oslo, 28. februar 2014

Forfattarane



*Ein av fleire lokalitetar med hevda tresett kulturmark i Gjesdal og Tysvær. Her frå Oltedal i Gjesdal.  
Foto: Torbjørn Høitomt(BioFokus).*

## **Samandrag**

BioFokus har på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland kvalitetssikra og nykartlagt naturtypelokalitetar i Tysvær og Gjesdal kommunar. Arbeidet vart etter ønskje frå fylkesmannen konsentrert om ulike skogmiljø og område med mykje eik i kulturlandskapet. Nokre andre typar blei fanga opp på vegen.

Totalt 57 lokalitetar vart kartlagt av BioFokus i 2013 i dei to kommunane. Av desse er 11 lokalitetar vurdert som svært viktige (A-verdi), 30 som viktige (B-verdi) og 16 som lokalt viktige (C-verdi).

Kartlegginga har ikkje vore særleg systematisk, korkje geografisk eller med omsyn til hovudnaturtypar. Ein kan allikevel seie at dei austre delane av begge kommunane er no er godt dekka med tanke på edellauvskog, andre fuktige skogmiljø og eikemiljø i kulturlandskapet.



Gammal hasselhage ved Limagarden i Gjesdal. Foto: Torbjørn Høitomt (BioFokus).

## Innhald

<b>1 INNLEIING/BAKGRUNN .....</b>	<b>6</b>
<b>2 GJENNOMFØRING .....</b>	<b>6</b>
2.1 PRIORITERTE OMRÅDE .....	6
2.2 TILRETTELEGGING FOR NATUR2000 OG NATURBASE .....	6
2.3 TIDLEGARE UNDERSØKINGAR .....	6
2.4 BEHANDLING AV GAMLE NATURTYPEDATA .....	7
2.5 RAUDLISTEARTAR .....	7
<b>3 RESULTAT .....</b>	<b>8</b>
3.1 OVERSIKT OVER KARTLAGDE NATURTYPAR .....	8
3.1.1 <i>Artsmangfold</i> .....	11
LOKALITETSSKILDNINGAR TYSVÆR KOMMUNE.....	13
3.2 LOKALITETSSKILDNINGAR GJESDAL KOMMUNE .....	27
<b>4 DISKUSJON.....</b>	<b>40</b>
4.1 ANSVARSNATURTYPAR OG -ARTAR I GJESDAL KOMMUNE.....	40
4.2 ANSVARSNATURTYPAR OG -ARTAR I TYSVÆR KOMMUNE .....	40
<b>5 LITTERATUR .....</b>	<b>41</b>



Butturnemose (VU) finst spreidd i både Tysvær og Gjesdal kommunar, og veks på fuktige berg i regnskog. Foto: Torbjørn Høitomt (BioFokus).

## 1 Innleiing/bakgrunn

I føreordet til fyrste utgåve av naturtypehandboka (Direktoratet for Naturforvaltning 1999) står følgjande: *"Det er et politisk mål at alle landets kommuner skal gjennomføre kartlegging og verdisetting av viktige områder for biologisk mangfold på sine arealer (St. meld. nr. 58 (1996/97) 1996-97). Den kommunale kartleggingen omfatter naturtyper, vilt, rødlisterarter, ferskvatnslokaliteter og marint biologisk mangfold."*

Arbeidet som har vore gjort i samband med kartlegginga i Gjesdal og Tysvær kommune er finansiert med middel frå Fylkesmannen i Rogaland. Den økonomiske ramma var på kr 192.000 ekskludert moms, og omfatta kvalitetssikring og nykartlegging av naturtypelokalitetar i dei to kommunane.

Feltarbeidet vart gjort i løpet av feltsesongen 2013 med påfølgjande rapportering hausten 2013/vinteren 2014. Feltarbeid knytt til dette prosjektet har vore utført av Torbjørn Høitomt (prosjektleiar), Kim Abel, Jon T. Klepsland og Anders Thylén. Data er systematisert i Natur2000 (Borch og Wergeland Krog 2011).

Metoden for kartlegging følgjer DN-handbok 13, revidert utgåve (Direktoratet for Naturforvaltning 2007). Me syner til handboka for nærmere opplysning om kriteria for utval av og verdisetting av naturtyper.

I samband med oppdateringa har BioFokus produsert shapefiler for naturtypetemaet. Desse er sendt til Fylkesmannens miljøvernnavdeling saman med eigenskapsdata. Fylkesmannen vil på dette grunnlag oppdatere Naturbase i samarbeid med Direktoratet for Naturforvaltning (DN).

## 2 Gjennomføring

### 2.1 Prioriterte område

Etter ønskje frå Fylkesmannens miljøvernnavdeling vart kartleggingsarbeidet konsentrert om ulike skogmiljø og område med mykje eik i kulturlandskapet. Nokre andre typer blei fanga opp på vegen.

### 2.2 Tilrettelegging for Natur2000 og Naturbase

Alle lokalitetar er skrive og samanfatta i databaseverktøyet Natur2000. Alle eigenskapsfiler m.m. er henta ut frå denne databasen i samband med rapportering og overlevering av data til Fylkesmannen. Lokalitetane er gitt ein lokal id (lokalitetsnummer) innafor ein serie som ikkje har vore nytta tidlegare i den aktuelle kommunen, jamfør DN`s database for biologisk mangfold. Eventuelle hol i nummerserien skyldast berre at fleire registratorar har arbeidd parallelt med prosjektet, og at det har av og til vore naudsynt å tildele rommelege nummerseriar for å unngå risiko for at to eller fleire registrantar opprettar same lokalitetsnummer på ulike naturtypelokalitetar.

### 2.3 Tidlegare undersøkingar

Begge kommunane er tidlegare dekka gjennom fystegenerasjons kartlegging av naturtyper like etter år 2000. (sjå Øygarden og Vorraa 2004 (Tysvær) og Tysse 2002 (Gjesdal)). I tillegg har det vorte kartlagt ei rekke skoglokalitetar i dei to kommunane frå 2005-2011 (sjå mellom anna Gaarder m. fl. 2010, Gaarder m.fl. 2012). Det er i all hovudsak lokalitatane som blei kartlagt i 2002-2004 som har vorte vitja på nytt nå i 2013.

## 2.4 Behandling av gamle naturtypedata

Ein stor andel av lokalitetane i dette prosjektet er gamle lokalitetar som har vorte kvalitetssikra. Desse har fått nytt lokalt ID nummer, men det gamle BN nummeret inkludert i oppdateringa. 10 gamle lokalitetar blir ikkje erstatta og skal derfor av ulike grunnar bli sletta frå naturbase (slettelisten oversendt fylkemannen).

## 2.5 Raudlisteartar

Spesielle artar, inkludert sjeldsynte og raudlista artar, kartlagt gjennom prosjektet vert gjort tilgjengeleg i Artskart (Artsdatabanken & GBIF 2013) via BioFokus sin artibase (BAB). Raudlistekategoriar i rapporten følgjer "Norsk rødliste for arter 2010" (Kålås et al. 2010).



Fuktige berg i den nordvendte sida av Frafjorddalen i Gjesdal. På biletet ser ein mykje hinnebregne.  
Foto: Torbjørn Høitomt (BioFokus).

## 3 Resultat

### 3.1 Oversikt over kartlagde naturtypar

Totalt 57 lokalitetar vart kartlagt av BioFokus i dei to kommunane i 2013. Av desse er 11 lokalitetar vurdert som svært viktige (A-verdi), 30 som viktige (B-verdi) og 16 som lokalt viktige (C-verdi).


**Tabell 1** og **tabell 2** gir ein oversikt over korleis dei ulike naturtypane fordeler seg på tal på lokalitetane. I **tabell 3** og **tabell 4** er alle lokalitetane som vart kartlagt i 2013 lista opp alfabetisk.

**Tabell 1.** Oversikt over fordelinga av dei kartlagde naturtypelokalitetane i **Gjesdal kommune** og korleis desse ordnar seg på verdi. Tabellen tar ikkje omsyn til at mange naturtypelokalitetar faktisk er kartlagt som mosaikkar av fleire prioriterte naturtypar.

Hovudnaturtype	Naturtype	A	B	C	Antall
Ferskvatn/våtmark	Viktig bekkedrag	1	1		2
Kulturlandskap	Naturbeitemark		1		1
	Store gamle tre	1		1	2
	Tresett kulturmark	2	4	1	7
Skog	Bekkekløft og bergvegg	1	1		2
	Gammal fattig edellauvskog		2	2	4
	Gammal lauvskog			1	1
	Regnskog	2	1		3
	Rik sump- og kjeldeskog	1			1
	Gammal boreal lauvskog		2	1	3
	Rikmyr	1			1
<b>Totalt</b>		<b>9</b>	<b>12</b>	<b>6</b>	<b>27</b>

**Tabell 2.** Oversikt over fordelinga av dei kartlagde naturtypelokalitetane i **Tysvær kommune** og korleis desse ordnar seg på verdi. Tabellen tar ikkje omsyn til at mange naturtypelokalitetar faktisk er kartlagt som mosaikkar av fleire prioriterte naturtypar.

Hovudnaturtype	Naturtype	A	B	C	Antall
Ferskvatn/våtmark	Rik kulturlandskapssjø	2	1		3
	Viktig bekkedrag	1			1
Kulturlandskap	Naturbeitemark	1			1
	Parklandskap	1			1
	Store gamle tre	1	2		3
	Tresett kulturmark	4			4
	Kystlynghei			1	1
Kyst og havstrand	Strandeng og strandsump	1			1
	Gammal fattig				
Skog	edellauvskog	1	2		3
	Rik edellauvskog	1	4	2	7
	Rik sumpskog		1		1
	Gammal furuskog	1		2	3
	Regnskog	1			1
<b>Totalt</b>		<b>2</b>	<b>18</b>	<b>10</b>	<b>30</b>




**Figur 1:** Oversikt over dei 27 lokalitetane som vart kartlagt av BioFokus i **Gjesdal kommune** i 2013.

**Tabell 3:** Alfabetisk lokalitetsliste over dei 27 lokalitetane som vart kartlagt av BioFokus i **Gjesdal kommune** i 2013.

Lokalitet	Loknr.	Hovudnaturtype	Naturtype	Utforming	Verdi	Areal (daa)
Baualivatnet N	215	Skog	Gammal fattig edellauvskog	Eikeskog	B	44
Bjelland	226	Kulturlandskap	Store gamle tre	Andre treslag	C	0,3
Bjelland vest	225	Kulturlandskap	Tresett kulturmark	Fattig hagemark utan styva tre	B	10,2
Dirdal	231	Skog	Rik sump- og kjeldeskog	Varmekjær kjeldelauvskog	A	8,9
Dirdal bekk	232	Ferskvatn/våtmark	Viktig bekdedrag		B	18,9
Dybingvatnet N	234	Skog	Gammal fattig edellauvskog		C	10
Dybingvatnet Ø	233	Skog	Gammal boreal lauvskog	Gammal bjørkeskog	B	72,5
Gloppenutan	235	Skog	Gammal lauvskog	Gammalt ospeholt	C	12,9
Hengjafjellet	219	Kulturlandskap	Tresett kulturmark	Fattig hagemark utan styva tre	A	75,8
Kommedal SV	211	Skog	Bekkekløft og bergvegg	Bekkekløft	B	14,5
Kommedal SØ	210	Myr	Regnskog	Fattig boreonemoral regnskog	A	23,7
Limagarden	218	Kulturlandskap	Store gamle tre	Eik	A	0,6
Limagarden SV	216	Kulturlandskap	Tresett kulturmark	Fattig hagemark utan styva tre	A	14,4
Limagarden V	217	Myr	Naturbeitemark		B	85
Middalshammaren N	207	Skog	Regnskog	Fattig boreonemoral regnskog	B	14,1
Neseelva	221	Ferskvatn/våtmark	Viktig bekdedrag	Bekk i intensivt drevet jordbrukslandskap	A	39,3
Oltedal kyrkje, sør for	209	Kulturlandskap	Tresett kulturmark	Fattig hagemark utan styva tre	C	4,2
Oltedal S	208	Kulturlandskap	Tresett kulturmark	Fattig hagemark utan styva tre	B	19,4
Oltedalsvatnet NV	222	Skog	Gammal fattig edellauvskog	Eikeskog	C	92,2

Lokalitet	Loknr.	Hovudnaturtype	Naturtype	Utforming	Verdi	Areal (daa)
Oltesvik	229	Skog	Gammal boreal lauvskog		B	21,5
Ravndal	223	Kulturlandskap	Tresett kulturmark	Fattig hagemark utan styva tre	B	6,2
Ravndal vest	224	Kulturlandskap	Tresett kulturmark	Fattig hagemark utan styva tre	B	6,9
Røyrdalen	228	Skog	Gammal boreal lauvskog		C	24,5
Seldalsheia	213	Myr	Rikmyr	Åpen intermediær og rikmyr i låglandet	A	9,6
Skredaknutan-Skiparhaughammaren	212	Skog	Regnskog	Fattig boreonemoral regnskog	A	44,1
Tverrfjellet V	214	Skog	Gammal fattig edellauvskog	Eikeskog	B	26,3
Yleskogbekken	220	Skog	Bekkekløft og bergvegg	Bekkekløft	A	22,6



**Figur 2:** Oversikt over dei 30 lokalitetane som vart kartlagt av BioFokus i Tysvær kommune i 2013.

**Tabell 4:** Alfabetisk lokalitetsliste over dei 27 lokalitetane som vart kartlagt av BioFokus i **Tysvær kommune i 2013.**

Lokalitet	Loknr.	Hovudnaturtype	Naturtype	Utforming	Verdi	Areal (daa)
Alstveit NØ	120	Kulturlandskap	Store gamle tre	Eik	B	0,6
Alstveit Ø	119	Kulturlandskap	Store gamle tre	Eik	C	0,4
Amdal (ytre)	143	Skog	Rik edellauvskog	Lågurt-hasselkratt	B	47,5
Baustadåsen N	129	Kulturlandskap	Naturbeitemark	Beiterye	B	2,3
Baustadåsen NØ	130	Kulturlandskap	Tresett kulturmark	Fattig hagemark utan styva tre	B	12,5
Baustavatnet S	127	Kulturlandskap	Tresett kulturmark	Fattig hagemark utan styva tre	B	10,3
Bjoland	137	Skog	Gammal fattig edellauvskog	Eikeskog	C	19
Dalselva	141	Ferskvatn/våtmark	Viktig bekdedrag		B	10,4
Erland (Ullåsen)	140	Skog	Gammal fattig edellauvskog	Eikeskog	C	34,6
Erland V	139	Skog	Rik edellauvskog	Or-askeskog	C	15,6
Erlandstjørna	138	Ferskvatn/våtmark	Rik kulturlandskapssjø	Kalkfattig utforming	C	39,8
Halsavika	124	Skog	Regnskog	Fattig, boreonemoral regnskog	B	88,2
Høye sør	132	Kulturlandskap	Tresett kulturmark	Fattig hagemark utan styva tre	B	41,2
Lambaklubben (Høie)	131	Skog	Rik edellauvskog	Lågurt-eikeskog	B	48,4
Landråk Ø	115	Skog	Rik sumpskog	Varmekjær kjeldelauvskog	B	11
Leirå	125	Myr	Strandeng og strandsump	Heloftt-brakkvassump	B	21,9
Muslandtjørna	116	Ferskvatn/våtmark	Rik kulturlandskapssjø		B	28,1
Måkafjellet-Hornafjellet	134	Kulturlandskap	Kystlynghei	Kalkfattig kysthei	C	98,4
Nesheimtjernet	135	Ferskvatn/våtmark	Rik kulturlandskapssjø	Næringsrik utforming	B	24,3
Pyttane- Baustadneset	128	Skog	Rik edellauvskog	Or-askeskog	A	41,1
Ramsvika	118	Myr	Gammal furuskog	Gammal lavlandsfuruskog	C	22,3
Ristebakken	121	Skog	Rik edellauvskog		B	11,5
Selvik	117	Skog	Gammal fattig edellauvskog	Eikeskog	B	93
Stong	144	Skog	Gammal furuskog	Gammal kystfuruskog	B	19,1
Stårhogg	133	Skog	Rik edellauvskog	Lågurt-eikeskog	B	29,2
Sørtveit	142	Skog	Gammal furuskog	Gammal kystfuruskog	C	31,5
Træet- Amdal Ø	126	Kulturlandskap	Tresett kulturmark	Fattig hagemark utan styva tre	B	3,7
Tveit vidaregåande skule	122	Kulturlandskap	Parklandskap	Parker	A	7,3
Tveit vidaregåande skule NØ	123	Kulturlandskap	Store gamle tre	Eik	C	0,5
Vårå (Nylund)	136	Skog	Rik edellauvskog	Or-askeskog	C	15,9

### 3.1.1 Artsmangfold

Det er registrert raudlisteartar i ei rekke av dei kartlagde naturtypeavgrensingane. Dei fleste raudlistefunna er råmekrevjande kryptogamar som vart funne i fuktige skogar eller i kulturlandskapet. Totalt er det registrert 17 raudlisteartar innanfor naturtypane i Tysvær. For Gjesdal er talet 14 (sjå **tabell 6 og 7**). Sjå elles Artskart og dei einskjelde områdeskildringane for meir detaljert informasjon om arter funne i samband med kartlegginga.

**Tabell 6:** Raudlisteartar som er funne innafor ein eller fleire av de 30 lokalitetane som vart kartlagt i Tysvær kommune i 2013

Artsgruppe	Vitenskapleg navn	Norsk navn	RL-kategori	Kjelde
Karplanter	<i>Bidens cernua</i>	Nikkebrønsle	VU	BioFokus 2013
Karplanter	<i>Fraxinus excelsior</i>	Ask	NT	BioFokus 2013
Karplanter	<i>Taxus baccata</i>	Barlind	VU	BioFokus 2013
Karplanter	<i>Ulmus glabra</i>	Alm	NT	BioFokus 2013
Lav	<i>Degelia cyanoloma</i>		VU	BioFokus 2013
Lav	<i>Gyalecta derivata</i>		EN	BioFokus 2013
Lav	<i>Parmotrema chinense</i>	Liten praktkrinslav	VU	BioFokus 2013
Lav	<i>Porpidia hydrophila</i>		VU	BioFokus 2013
Lav	<i>Punctelia subrudecta</i>	Grå punktlav	EN	John I. Johnsen
Lav	<i>Thelopsis rubella</i>		VU	BioFokus 2013
Lav	<i>Usnea cornuta</i>	Hornstry	NT	BioFokus 2013
Lav	<i>Usnea flammea</i>	Ringstry	NT	BioFokus 2013
Moser	<i>Habrodon perpusillus</i>	Parkmose	VU	BioFokus 2013
Moser	<i>Hyocomium armoricum</i>	Flaummose	VU	BioFokus 2013
Moser	<i>Rhabdoweisia crenulata</i>	Butturnemose	VU	BioFokus 2013
Moser	<i>Syntrichia laevipila</i>	Almehårstjerne	VU	BioFokus 2013
Sopp	<i>Porphyrellus porphyrosporus</i>	Falsk brunskrubb	NT	Artskart

**Tabell 7:** Raudlisteartar som er funne innafor ein eller fleire av de 30 lokalitetane som vart kartlagt i Tysvær kommune i 2013

Artsgruppe	Vitenskapleg navn	Norsk navn	RL-kategori	Kjelde
Karplanter	<i>Schoenus ferrugineus</i>	Brunskjene	NT	BioFokus 2013
Karplanter	<i>Ulmus glabra</i>	Alm	NT	BioFokus 2013
Lav	<i>Bunodophoron melanocarpum</i>	Kystkoralllav	NT	Artskart
Lav	<i>Flavoparmelia caperata</i>	Eikelav	NT	BioFokus 2013
Lav	<i>Hypotrachyna laevigata</i>	Grå buktkrinslav	EN	BioFokus 2013
Lav	<i>Leptogium burgessii</i>	Kranshinnelav	VU	Artskart
Lav	<i>Menegazzia terebrata</i>	Hodeskoddelav	VU	BioFokus 2013
Moser	<i>Fissidens polyphyllus</i>	Bekkelommemose	EN	BioFokus 2013
Moser	<i>Herbertus aduncus</i>	Kløftgrimemose	NT	Artskart
Moser	<i>Herbertus stramineus</i>	Fossegrimemose	VU	Artskart
Moser	<i>Heterocladium wulfsbergii</i>	Kystflokke	VU	BioFokus 2013
Moser	<i>Plagiochila exigua</i>	Kløftthinnemose	NT	Artskart
Moser	<i>Plagiochila spinulosa</i>	Pigghinnemose	VU	Artskart
Moser	<i>Rhabdoweisia crenulata</i>	Butturnemose	VU	BioFokus 2013

## Lokalitetsskildringar Tysvær kommune

### **115, Landråk Ø, Rik sumpskog (Varmekjær kjeldelauvskog) - Verdi B.**

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Torbjørn Høitomt den 7.10.2013 i samband med naturtypekartlegging i Tysvær kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Raudlistekategoriar følgjer Norsk raudliste for artar 2010 og Norsk raudliste for naturtypar 2011.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg rett aust for garden Landråk og omfatter eit større areal med kjeldepåverka svartorskog på gammal innmark. Ein liten bekke renner gjennom lokaliteten. Lokaliteten grensar mot eit takrøyrbestand i aust og ellers mot anna meir påverka våtmark og kulturmark. Berggrunnen i området er sammensett av augegneis og granitt. Lokaliteten ligg i overgangen mellom klart og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon (Moen 1998), i eit særleg nedbørrikt låglandsområde med særleg mange sterkt oseaniske, fuktrevjande mosar og lav.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld naturtypen rikare sump- og kjeldeskog med utforminga varmekjær kjeldelauvskog (VU). Svartordominert på det som truleg er gammal beitemark eller hagemark. Svartoren er ikkje særleg gammal (<30 cm) med dårleg utvekla soklar, og det finst berre litt daud ved. Vegetasjonen er ganske rik med artar som slakkstorr, mjødurt, krypsoleie, mannasotgras, skogburkne, blåtopp, sløke, hengjeveng, skogkarse og maigull. I botnsjiktet finst artar som lundveikmose Cirriphyllum piliferum, kysttornemose Mnium hornum, stortujamose Thuidium tamariscum, kystmose Loeskebryum brevirostre, kystkransmose Rhiztidadelphus loreus, fjørkransmose R. subpinnatus, krusfagermose Plagiomnium undulatum. I bekken finst kjølevemose Fontinalis antipyretica vanleg.

Artsmangfold: Sjølv om det er funne fleire arter som er typiske for typen, er ingen av desse særleg sjeldsynte eller truga.

Bruk, tilstand og påvirkning: Lokaliteten har intakt hydrologi, da det ikkje finst grøfter i lokaliteten. Store deler av lokaliteten er gammal kulturmark, men det er litt vanskeleg å avgjere om den har vore nytt til slått eller beite.

Vegetasjon: Varmekjær kjeldeløvskog (E5)

Verdivurdering: Velutvikla, men ganske ung lokalitet med svartordominert varmekjær kjeldelauvskog. Denne utforminga er vurdert som sårbar (VU). Lokaliteten skal etter nytt faktaark for rikare sump- og kjeldeskog blir vurdert som viktig (B-verdi) da den når opp til middels verdi på fire av fem parameterar.

Skjøtsel og hensyn: Verdiane i lokaliteten blir teke best omsyn til under fri utvikling.

### **116, Muslandtjørna, Rik kulturlandskapssjø - Verdi B.**

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Torbjørn Høitomt den 7.10.2013 i samband med naturtypekartlegging i Tysvær kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Ny beskriving og avgrensning 2013 skal klippes mot gammal naturtypelokalitet BN00037885 Muslandsvêgvela, innlagd i Naturbase i 2003 (kartlagt av Haugaland Naturkompetanse i 2003 (Naturbase 2013)). Raudlistekategoriar følgjer Norsk raudliste for artar 2010.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg rett sør for garden Musland og omfatter eit lite tjern med kantsone. Både inn- og utlopet frå tjernet er avgrensa som naturtype viktig bekdedrag fra 2003. Berggrunnen i området er sammensett av augegneis og granitt. Lokaliteten ligg i overgangen mellom klart og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon (Moen 1998), i eit særleg nedbørrikt låglandsområde med særleg mange sterkt oseaniske, fuktrevjande mosar og lav.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld naturtypen rik kulturlandskapssjø. Vegetasjonen ute i tjernet er ikkje særleg godt undersøkt, men noko kvit nøkkerose vart observert. Langsmed bredden finst eit breit belte med takrøyr. Eit takrørområde vidare sørover er også inkludert.

Artsmangfold: Det er ikke påvist sjeldsynte artar, men det er truleg eit godt potensial for invertebratar knytta til ferskvatn.

Bruk, tilstand og påvirkning: Det er planta noko gran ved tjernet i nord. Vidare er det nærliggande åtru at vasskvaliteten er noko påverka avrenning frå kulturmarka ved Musland.

Fremmede arter: Noko gran er planta rett utanfor lokaliteten.

Del av helhetlig landskap: Lokaliteten inngår i eit heilskapleg landskap med eit viktig bekdedrag og ein velutvekla varmekjær kjeldelauvskog som ligg rett i nærleiken.

Vegetasjon: Takrør-sivaks-sump (O5)

Nøkkerose-utf (P2b)

Verdivurdering: Ein ganske intakt lokalitet som inngår i eit heilskapleg landskap med fleire andre viktige lokalitar. Det er ikke påvist sjeldsynte artar, men det finst eit bra potensial for truga invertebratar. Lokaliteten er førebels vurdert som viktig (B-verdi).

Skjøtsel og hensyn: Verdiane i lokaliteten blir teke best omsyn til under fri utvikling.

### **117, Selvik, Gammal fattig edellauvskog (Eikeskog) - Verdi B.**

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Torbjørn Høitomt den 7.10.2013 i samband med naturtypekartlegging i Tysvær kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Ny beskriving og avgrensning 2013 skal erstatte gammal naturtypelokalitet BN00037881 Selvik,

## -Naturtypar i Gjesdal og Tysvær kommunar 2013 -

innlagd i Naturbase i 2003 (kartlagt av Haugaland Naturkompetanse i 2003 (Naturbase 2013)). Raudlistekategoriar følgjer Norsk raudliste for artar 2010.

**Beliggenhet og naturgrunnlag:** Lokaliteten ligg ved Selvik i Tysvær kommune og omfattar ei vestvendt lisiide innunder Selviknibba. Berggrunnen i området er sammensett av fyllitt og glimmerskifer. Lokaliteten ligg i overgangen mellom klart og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon (Moen 1998), i eit særleg nedbørrikt låglandsområde med særleg mange sterkt oseaniske, fuktkrevjande mosar og lav.

**Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper:** Avgrensinga gjeld naturtypen gammal fattig edellauvskog med utforminga eikeskog. Ganske stort område med mykje eldre eik, men også innslag av hassel, samt litt lind, svartor, ask (NT) og kristtorn. Nokre eiketre oppnår ein diameter på 50 cm, men vanleg dimensjon er om lag 30 cm. Særleg sørlege delar av lokaliteten har naturskogspreng, medan skogen i dei nordlege delane er noko meir einsaldra. Det finst ein del dødved, mest av hassel, men også av eik. Sjølv om berggrunnen i følge berggrunnskartet er fyllitt og glimmerskifer er vegetasjonen stort sett dominert av nøysame typer. Humid blåbærskog med mykje storfrytle dominerer store areal. Noko av lokaliteten er blokkrik med tjukke mosetepper over steinane. Stortumose Thuidium tamariscum, kysttjannmose Plagiothecium undulatum, kystkransmose Rhytidadelphus loreus, kystbinnemose Polytrichastrum formosum dominerer i dette miljøet. Det finst også nokre mindre flekkar med litt rikare vegetasjon med mellom anna ramslauk, bringebær og hengjeaks.

**Artsmangfold:** Sjølv om lokaliteten er særskilt velutvikla med humide forhold og gamle tre, vart det ikkje funne truga eller særleg sjeldne arter. Orelav Hypotrichyna revoluta finst spreidd på eik i området. Mosefloraen er middels interessant med artar som nøttmose Diphyscium foliosum, hettekimmose Tetrodontium brownianum og kysttjannmose Rhabdoweisia crispata som dei mest interessante. Det er eit visst potensial for sjeldsynte og truga arter lav og moser knytta til det humide miljøet, dei grove eiketre og den skrifrige berggrunnen.

**Bruk, tilstand og påvirkning:** Utover at skogen truleg er plukkhogd i tidligare tider blei det ikkje påvist teikn på menneskeleg påverknad. Det ligg nokre hytter og restar etter gamle gardsbruk rett utanfor avgrensinga.

**Vegetasjon:** Bergsprekk og bergvegg / Bergvegg og bergsprekk (Rødlistebetegnelse) (F2)

Blåbærskog (A4)

Småbregneskog (A5)

**Verdivurdering:** Stor og velutvikla lokalitet med gammal, humid eikeskog. Dette er truleg ein av dei mest intakte skogane av denne typen i kommunen. Det er derimot ikkje funne sjeldsynte eller truga arter og store deler av lokaliteten bærer preg av plukkhogst frå tidlegare tider, noko som har ført til mangel på riktig gamle tre og daud ved. Lokaliteten blir vurdert som viktig/svært viktig (B/A-verdi).

**Skjøtsel og hensyn:** Verdiane i lokaliteten blir teke best omsyn til under fri utvikling.

### **118, Ramsvika, Gammal furuskog (Gammal lavlandsfuruskog) - Verdi C.**

**Innledning:** Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Torbjørn Høitomt den 7.10.2013 i samband med naturtypekartlegging i Tysvær kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Ny beskriving og avgrensning 2013 skal erstatte gammal naturtypelokalitet BN00037917 Ramsvika, innlagd i Naturbase i 2003 (kartlagt av Haugaland Naturkompetanse i 2003 (Naturbase 2013)). Raudlistekategoriar følgjer Norsk raudliste for artar 2010.

**Beliggenhet og naturgrunnlag:** Lokaliteten ligg i Ramsvika, eit par kilometer sørvest for Hindaråvåg. Avgrensninga er å rekne som ei forlenging av naturreservatet som ligg på odden i sør. Berggrunnen i området er sammensett av fyllitt og glimmerskifer. Lokaliteten ligg i overgangen mellom klart og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon (Moen 1998), i eit særleg nedbørrikt låglandsområde med særleg mange sterkt oseaniske, fuktkrevjande mosar og lav.

**Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper:** Avgrensinga gjeld naturtypen gammal furuskog med utforminga gammal låglandsfuruskog. Ganske ordinær, halvgammal furuskog med innslag av einer, rogn og bjørk. Sjølv om skogen jamt over ikkje er særleg gammal fint noko både ståande og liggande dødved av furu, mest små dimensjonar og tidelege fasar av nedbryting. Vegetasjonen er fattig, lyngrik med mykje torvmose og andre nøysame moseartar i botnsjiktet. Noko einstape i furkige sokk.

**Artsmangfold:** Det er førebels eit ganske lågt potensial for vedbuande sopp og andre grupper knytta til daud ved. Det var søkt etter fuktkrevjande mosar og lav utan resultat.

**Bruk, tilstand og påvirkning:** Det er ikkje påvist nye inngrep i lokaliteten, men tidlegare tiders hogster har ført til mangel på gamle tre og daud ved av grove dimensjonar og seine fasar av nedbryting.

**Del av helhetlig landskap:** Lokaliteten er ein naturleg forlenging av Tveitaneset naturreservat, eit reservat som er oppretta for å bevare eit område med furuskog som er typisk for regionen.

**Vegetasjon:** Røsslyng-blokkebærfuruskog (A3)

**Verdivurdering:** Lokaliteten oppnår lokal verdi på dei fleste parametrane i det førebelse faktarket for gammal furuskog. Lokaliteten blir derfor vurdert som lokalt viktig (C-verdi). Verdien er gjeve mest på grunnlag av storleik, beliggenhet og mogelegheit for utvikling av kvalitetar.

**Skjøtsel og hensyn:** Verdiane i lokaliteten blir teke best omsyn til under fri utvikling

### **119, Alstveit Ø, Store gamle tre (Eik) - Verdi C.**

**Innledning:** Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Torbjørn Høitomt den 7.10.2013 i samband med naturtypekartlegging i Tysvær kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Raudlistekategoriar følgjer Norsk raudliste for artar 2010.

## -Naturtypar i Gjesdal og Tysvær kommunar 2013 -

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg ved garden Alstveit rett vest for Hindaråvåg og omfattar eit gammalt eiketre i ei naturbeitemark. Berggrunnen i området er sammensett av fyllitt og glimmerskifer. Lokaliteten ligg i overgangen mellom klart og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon (Moen 1998), i eit særleg nedbørrikt låglandsområde med særleg mange sterkt oseaniske, fuktrevjande mosar og lav.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld naturtypen store gamle tre med utforminga eik. Ganske stort eiketre (60-70 cm) med vid krone som står fritt til i kanten av ei ope beitemark. Treet har ikkje grov bark, truleg ingen holrom, men nokre daude greiner i toppen.

Artsmangfold: Det er ikkje påvist særleg sjeldsynte eller truga arter, men lokaliteten ligger i ein region der ein kan forvente forekomst av fuktrevande kryptogamer på gamle eiketre. Dette treet kan derfor bli viktig for sjeldsynte arter om det får stå. Vanlege arter som bristlav, musehalemose Isothecium myosurioides, matteblæremose Frullania tamarisciæ og kystbustehette Othotrichum lyellii blei påvist

Bruk, tilstand og påvirkning: Eiketreet står i ei naturbeitemark som blir beita av kyr. Det kan sjå ut som delar av lokaliteten blir spreia med gjødsel, noko som også kan ha påverka stammen på eiketreet.

Del av helhetlig landskap: Lokaliteten ligger i eit kulturlandskap med fleire større og mindre eiketre. To av desse er kartlagt som store gamle eiketre.

Vegetasjon: Kulturbetinget engvegetasjon (G)

Verdivurdering: Treet er ikkje veldig gammalt og sjeldsynte arter er førebels ikkje funne. Men treet står i ein region med ganske store verdier knytta til gamle eiketre og det er viktig at også litt yngre tre blir teke vare på for å sikra kontinuiteten. Lokaliteten blir derfor vurdert som lokalt viktig (C-verdi).

Skjøtsel og hensyn: Det bør ikkje spreast gjødsel på eiketreet, men hevda med kyr må gjerne halde fram.

### **120, Alstveit NØ, Store gamle tre (Eik) - Verdi B.**

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Torbjørn Høitomt den 7.10.2013 i samband med naturtypekartlegging i Tysvær kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Raudlistekategoriar følgjer Norsk raudliste for arter 2010.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg ved garden Alstveit rett vest for Hindaråvåg og omfattar eit gammalt eiketre i ei naturbeitemark. Berggrunnen i området er sammensett av fyllitt og glimmerskifer. Lokaliteten ligg i overgangen mellom klart og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon (Moen 1998), i eit særleg nedbørrikt låglandsområde med særleg mange sterkt oseaniske, fuktrevjande mosar og lav.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld naturtypen store gamle tre med utforminga eik. Stort eiketre (90-100 cm) med vid krone som står fritt til i kanten av ei ope beitemark. Treet har ikkje grov bark, truleg ingen holrom, men nokre daude greiner i toppen.

Artsmangfold: Det er ikkje påvist særleg sjeldsynte eller truga arter, men lokaliteten ligger i ein region der ein kan forvente forekomst av fuktrevande kryptogamer på gamle eiketre. Dette treet kan derfor bli viktig for sjeldsynte arter om det får stå. Vanlege arter som bristlav, musehalemose Isothecium myosurioides, matteblæremose Frullania tamarisciæ og kystbustehette Othotrichum lyellii blei påvist

Bruk, tilstand og påvirkning: Eiketreet står i ei naturbeitemark som blir beita av kyr. Det kan sjå ut som delar av lokaliteten blir spreia med gjødsel, noko som også kan ha påverka stammen på eiketreet.

Del av helhetlig landskap: Lokaliteten ligger i eit kulturlandskap med fleire større og mindre eiketre. To av desse er kartlagt som store gamle eiketre.

Vegetasjon: Kulturbetinget engvegetasjon (G)

Verdivurdering: Ganske grovt eiketre med potensial for sjeldsynte arter sjølv om slike førebels ikkje er funne. I tillegg står treet i ein region med ganske store verdier knytta til gamle eiketre. Lokaliteten blir derfor vurdert som lokalt viktig (B-verdi).

Skjøtsel og hensyn: Det bør ikkje spreast gjødsel på eiketreet, men hevda med kyr må gjerne halde fram.

### **121, Ristebakken, Rik edelløvskog - Verdi B.**

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Torbjørn Høitomt den 7.10.2013 i samband med naturtypekartlegging i Tysvær kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Ny beskriving og avgrensing 2013 skal erstatte gammal naturtypelokalitet BN00037895, Ristebakken, innlagd i Naturbase i 2003 (kartlagt av Haugaland Naturkompetanse i 2003 (Naturbase 2013)). Raudlistekategoriar følgjer Norsk raudliste for arter 2010.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg ovenfor i nordaustre del av Skorpevatnet ved Hindaråvåg i Tysvær og omfattar ein smal skrånning i kulturlandskapet med uvanleg høgt innslag av kristorn. Berggrunnen i området er sammensett av fyllitt og glimmerskifer. Lokaliteten ligg i overgangen mellom klart og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon (Moen 1998), i eit særleg nedbørrikt låglandsområde med særleg mange sterkt oseaniske, fuktrevjande mosar og lav.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld naturtypen rik edelløvskog utan utforming. Beitepåverka skog med særskilt mykke kristorn, men også innslag av eik, hassel, svartor og bjørk. Fleire gamle kristtorntre på over 30 cm veks i lokaliteten. Feltsjiktet er grasdominert og ikkje særlig rikt, truleg omkring ein blåbær- eller småbregnetype. Det finst ikkje noko daud ved.

Artsmangfold: Det er ikkje registrert sjeldsynte eller truga arter på lokaliteten, og potensialet blir vurdert å vere ganske lågt. Det likevel lite kunnskap om arts mangfold knytta til gammal kristorn.

## -Naturtypar i Gjesdal og Tysvær kommunar 2013 -

Bruk, tilstand og påvirkning: Lokaliteten har truleg vore meir eller mindre open naturbeitemark som har grodd att. Delar av lokaliteten har nyleg vorte rydda, og det kan sjå ut til at kristtorntrea stort sett er sett att. Ein del svaror er rydda vekk. Det går beitedyr på lokaliteten.

Vegetasjon: Blåbærskog (A4)

Verdivurdering: Verdiane er knytta til førekomensten av mykje og til dels grov og gammal kristtorn, noko som ikkje er vanleg andre stader i regionen. Lokaliteten blir derfor vurdert som viktig (B-verdi).

Skjøtsel og hensyn: Det vil vere eit poeng å rydde bort tre og busker som skyggjer ut eller på anna måte trugar kristtorntrea. Sørg for at nokre småtre av kristtorn også får kome opp.

### **122, Tveit vidaregåande skule, Parklandskap (Parker) - Verdi A.**

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Torbjørn Høitomt den 7.10.2013 i samband med naturtypekartlegging i Tysvær kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Lokaliteten er tidlegare undersøkt for lav Holtan-Hartwig, J. & Timdal, E. i 1980 og av austhagen, H. i 1970 (Artskart 2013). Raudlistekategoriar følgjer Norsk raudliste for artar 2010.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg inne på tunet til Tveit vidaregåande skule i Nedstand/Hindaråvåg. Berggrunnen i området er sammensett av fyllitt og glimmerskifer. Lokaliteten ligg i overgangen mellom klart og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon (Moen 1998), i eit særleg nedbørrikt låglandsområde med særleg mange sterkt oseaniske, fuktrevjande mosar og lav.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld naturtypen parklandskap med utforminga park. Det stor nokre grove, gamle tre inne på tunet til Tveit vgs. Det vart talt opp seks lindetre, tre spisslønn, ein bok og ei eik. Lindetrea er grovest med ein diameter på 80-110 cm, medan dei andre trea er noko mindre (40-90 cm). Alle trea står ganske lysope, men nokre av de veks i ganske tette grupper, slik at det er begrensa kor mykje lys som slepp inn mot stammen. Alle trea verkar å vere friske.

Artsmangfold: Det er påvist fleire sjeldsynte og truga kryptogamaer på lokaliteten. Parkmose Habrodon perpusillus (VU) blei påvist på ein spisslønn og to lindetre. Almehårtjerne Syntrichia laevipila (VU) blei påvist på ein spisslønn, medan ynglehårtjerne blei påvist på fire lindetre og ein spisslønn. Av lav blei dei noko uvanlege artane liten lindelav Parmelina pastillifera og orelav Hypotrichyna revoluta påvist. Den særskjeldsynte arten grå punktlav Punctelia subrudecta (EN) blei påvist i 1980, og er også sett senere (J.I. Johnsen pers. medd.), men av treet den vaks på står no berre ein barklaus høgstubbe att.

Bruk, tilstand og påvirkning: Heile lokaliteten blir skjøtta som park. Alle trea står langsmed vegar og på plener.

Fremmede arter: Fleire av trea er frammande treslag, men med påvekst av sjeldsynte og truga mosar.

Vegetasjon: Kulturmarksvegetasjon (I)

Verdivurdering: Parklandsskap med eit titall gamle, grove edellauvtre. Dei aller fleste trea er både palnta ikkje naturlege i regionen. Det veks likevel fleire sjeldsynte krypogramar på dei, og lokaliteten blir vurdert som svært viktig (A-verdi).

Skjøtsel og hensyn: Lokaliteten bør bli skjøtta som den har vorte dei siste åra. Dei gamle trea bør sjølvsgått ikkje tas ned.

### **123, Tveit vidaregåande skule NØ, Store gamle tre (Eik) - Verdi C.**

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Torbjørn Høitomt den 8.10.2013 i samband med naturtypekartlegging i Tysvær kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Raudlistekategoriar følgjer Norsk raudliste for artar 2010.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg langsmed vegen fra Hindaråvåg "sentrum" og Tveit vidaregåande skule. Berggrunnen i området er sammensett av fyllitt og glimmerskifer. Lokaliteten ligg i overgangen mellom klart og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon (Moen 1998), i eit særleg nedbørrikt låglandsområde med særleg mange sterkt oseaniske, fuktrevjande mosar og lav.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld naturtypen store gamle tre med utforminga eik. To store eiketre (70-80 cm) med vid krone som står fritt til i kanten av bygdeveg langsmed ei privat tomt. Trea har ikkje grov bark, truleg ingen holrom, og lite daude greiner i toppen.

Artsmangfold: Det er ikkje påvist særleg sjeldsynte eller truga artar, men lokaliteten ligger i ein region der ein kan forvente førekomenst av fuktrevjande kryptogamer på gamle eiketre. Dette treet kan derfor bli viktig for sjeldsynte artar om det får stå. Vanlege artar som bristlav, musehalemose Isothecium myosurioides, matteblærremose Frullania tamarisci og kystbustehette Otrhotrichum lyellii blei påvist.

Bruk, tilstand og påvirkning: Ein klatrehortensia er planta helt inntil treet. Denne kan på sikt skygge ut lav- og mosesamfunna på dette treet. Ein eføy klatrar på det andre treet, men når førebels ikkje særleg langt oppover stammen.

Fremmede arter: Klatrehortensia.

Del av helhetlig landskap: Lokaliteten bør sjåast i samanheng med andre lokalitetar med gamle tre i nærleiken, til dømes tunet på Tveit vidaregåande skule.

Verdivurdering: Trea er ikkje veldig gamle og sjeldsynte artar er førebels ikkje funne. Men treet står i ein region med ganske store verdiar knytta til gamle eiketre og det er viktig at også litt yngre tre blir teke vare på for å sikra kontinuiteten. Lokaliteten blir derfor vurdert som lokalt viktig (C-verdi).

Skjøtsel og hensyn: Ein bør halde unna vegetasjonen rundt eketrea og sørge for at eføyen og klatrehortensiaen ikkje veks for høgt oppover stammen.

**124, Halsavika, Regnskog (Fattig, boreonemoral regnskog) - Verdi B.**

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Torbjørn Høitomt den 8.10.2013 i samband med naturtypekartlegging i Tysvær kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Raudlistekategoriar følger Norsk raudliste for artar 2010.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i den bratte, nordaustvendte lia frå Ringjafjellet og ned mot Halsavika. Berggrunnen i området er sammensett av fyllitt og glimmerskifer. Lokaliteten ligg i overgangen mellom klart og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon (Moen 1998), i eit særleg nedbørrikt låglandsområde med særleg mange sterkt oseaniske, fuktkrevjande mosar og lav.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld naturtypen regnskog med utforminga fattig boreonemoral regnskog. Eldre bjørkedominert skog med innslag av andre borale lauvtre, særleg osp og rogn. Det finst ikkje veldig mykje daud ved og veldig gamle tre ser ut til å mangle. Det finst flere knausar og bergveggar i området, og det er i nedkant av desse bergveggane, og særleg nord i lokalitetet at regnskogverdiane er godt utvikla. Her er lia rett nordvendt og det finst gode bestandar av fleire oseaniske moseartar. Lenger sørover i området finst fortsatt dei same kvalitetane spreidd, men ikkje i like stor grad. Vegetasjonen er ganske fattig sjølv om berggrunnen er noko baserik.

Artsmangfold: Det blei påvist ei lang rekke fuktkrevjande moseartar i samband med kartlegginga. Både raudmuslingmose *Mylia taylori*, fleinljåmose *Dicranodontium denudatum*, purpmose *Pleurozia purpurea*, kystvibladmose *Scapania gracilis*, gullhårmose *Bretelia chrysocoma* og den relativt nyoppdaga *Oxystegus daldianianus*. I tillegg finst ganske mykje hinnebregne i store deler av lokalitetet. Den raudlista mosen butturnemose *Rhabdoweisia crenulata* (VU) blei påvist på ein lokalitet. Det finst eit vidare potensial for sjeldsynte og truga kryptogamar.

Bruk, tilstand og påvirkning: Delar av lokaliteten er øydelagt i samband med at det blir bygd ei ny kraftlinje ned til oppdrettsanlegget nede i Halsavika. Eit brede belte med skog er hogd rett framfør dei artsrike bergveggane nord i lokalitetet.

Del av helhetlig landskap: Lokaliteten er truleg ein av få i sitt slag i Tysvær, men den må sjåast i samanheng med liknande lokalitetar nord på Ropeidhalvøya nokre kilometer mot nordaust.

Vegetasjon: Blåbærskog (A4)

Småbregneskog (A5)

Verdivurdering: Lokaliteten er plassert i den nye inndelinga av naturtyper, men fastsettinga av verdi følgjer den gamle metodikken på grunn av mindre manglar som blei oppdaga under utprøving av dei nye faktaarka. Lokaliteten er ganske stor, inneheld få raudlistearter, men ganske mange andre typiske artar for typen. Det finst også nokre nyare inngrep i nord og lokalitetet blir vurdert som viktig (B-verdi).

Skjøtsel og hensyn: Verdiane i lokalitetet blir teke best omsyn til under fri utvikling

**125, Leirå, Strandeng og strandsump (Helofytt-brakkvassump) - Verdi B.**

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Torbjørn Høitomt den 7.10.2013 i samband med naturtypekartlegging i Tysvær kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Ny beskriving og avgrensing 2013 skal erstatte gammal naturtypelokalitet BN00037894, Leirå, innlagd i Naturbase i 2003 (kartlagt av Haugaland Naturkompetanse i 2003 (Naturbase 2013)). Raudlistekategoriar følger Norsk raudliste for artar 2010.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg ved Leinå og Stølen rett SØ for Nedstrand i Tysvær kommune og omfattar vegetasjonen omkring ei grunn bukt der ein bekk renn ut i sjøen. Berggrunnen i området er sammensett av augegneis og granitt. Lokalitetet ligg i overgangen mellom klart og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon (Moen 1998), i eit særleg nedbørrikt låglandsområde med særleg mange sterkt oseaniske, fuktkrevjande mosar og lav.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld naturtypen strandeng og strandsump der utforminga helofytt-brakkvassump truleg dekker det største arealet om ein ser vekk frå ope vatn. Eit mindre areaal med naturtypen rikere sump- og kjeldeskog med utforminga rikare strandskog finst i sør aust. Sistnemnde er som vegetasjonstype vurdert å vere sterkt truga (EN). Relativt høgvaksen sumpvegetasjon med artar som sverdlilje, havsviks, strandvindel, strandkann, strandrøyr, bjørnebær, høymol, stornesle, mjødurt, lyssiv, klengemaure, strandstjerne og kattehale. I sør aust veks noko halvgammal svartor med mange av dei same artane i feltsjiktet. I tillegg finst ein del bekkeblom og skogrørkvein her.

Artsmangfold: Det er ikkje påvist særleg sjeldsynte eller truga artar i lokalitetet.

Bruk, tilstand og påvirkning: Lokaliteten ligg i eit populært friluftsområde og deler av lokalitetet er noko påverka av ferdsel. Nærleiken til veg og hagar har og ført til at framande artar har vorte spreidd inn i lokalitetet.

Fremmede arter: Platanlønn og ein framand mispelart vart funne i lokalitetet.

Vegetasjon: Svartor-strandskog (E6)

Brakkvannssump (U8)

Verdivurdering: Ganske intakt strandsump inst i grunn bukt. Det er ikkje funne sjeldsynte eller truga artar, men typen er sjeldsynt i regionen. I tillegg er vegetasjonstypen svartor-strandskog høgt raudlista. Lokalitetet blir derfor vurdert som viktig (B-verdi).

Skjøtsel og hensyn: Verdiane i lokalitetet blir teke best omsyn til under fri utvikling.

**126, Træet- Amdal Ø, Tresett kulturmårk (Fattig hagemark utan styva tre) - Verdi B.**

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Torbjørn Høitomt den 8.10.2013 i samband med naturtypekartlegging i Tysvær kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Raudlistekategoriar følger Norsk raudliste for artar 2010.

## -Naturtypar i Gjesdal og Tysvær kommunar 2013 -

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg rett sør for Træet ved Amdal heilt aust i Tysvær kommune og omfattar ein eikehage i kulturlandskapet. Berggrunnen i området er sammensett av augegneis og granittisk gneis. Lokaliteten ligg i overgangen mellom klart og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon (Moen 1998), i eit særleg nedbørrikt låglandsområde med særleg mange sterkt oseaniske, fuktrevjande mosar og lav.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld natutypen tresett kulturmark med utforminga fattig hagemark utan styva tre (jfr. førebels faktark for typen). Tett eikehage i beitelandskap som blir halde i hevd ved sauebeite. Omkring 50-60 eiketre (40-60 cm) som står i to grupper like i nærleiken av kvarandre. Eit eiketre er daudt, medan dei andre er friske med lite daude greiner og stammedalar. Borken er ganske jann og det vart ikkje sett holrom i trea. Vegetasjonen er fattig, dominert av nøyssame artar. Noko einstape i parti tyder på noko lågt beitetrykk. Fleire gamle steingjerde finst i og omkring lokaliteten.

Artsmangfold: Det er mykje epifyttar på eiketre, men det vart berre sett vanleg artar lav og mose.

Bruk, tilstand og påvirkning: Delar av lokaliteten er truleg utsett for noko gjødselspreiing, men det er truleg ikkje mogleg å komme til med traktor i nedkant av lokaliteten. Lokaliteten vert beita av sau.

Vegetasjon: Frisk fattigeng (G4)

Verdivurdering: Ganske stor samling eldre eiketre i ein region med ganske store eikekvaliteter. Trea på lokaliteten vil på sikt kunne utvikle viktige kvaliteter. Lokaliteten blir vurdert som viktig (B-verdi).

Skjøtsel og hensyn: Lokaliteten bør ikkje bli utsett for gjødelsspreiing. Sauebeite bør halde fram som i dag eller aller helst noko meir intensivt.

### **127, Baustavatnet S, Tresett kulturmark (Fattig hagemark utan styva tre) - Verdi B.**

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Torbjørn Høitomt den 8.10.2013 i samband med naturtypekartlegging i Tysvær kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Raudlistekategoriar følgjer Norsk raudliste for artar 2010.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg rett sør for Baustavatnet og omfattar eit areal med bjørkedominert hagemark. Berggrunnen i området er sammensett av fyllitt og glimmerskifer. Lokaliteten ligg i overgangen mellom klart og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon (Moen 1998), i eit særleg nedbørrikt låglandsområde med særleg mange sterkt oseaniske, fuktrevjande mosar og lav.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld natutypen tresett kulturmark med utforminga fattig hagemark utan styva tre (jfr. førebels faktark for typen). Bjørkedominert hagemark med innslag av gammal og grov eik. Rundt to store eiketre vart sett med ein diameter 50- 120 cm. Det finst ein del grove daude greiner i dei største trea, men borken er jann og det finst ikkje noko daud ved på bakken. Bjørketrea i lokaliteten er òg ganske gamle, men ikkje særleg grove. Vegetasjonen er fattig, dominert av nøyssame artar, men ber ikkje preg av å vere gjødsla i særleg stor grad.

Artsmangfold: Det vart søkt etter sjeldsynte kryptogamar, men berre vanlege artar som til dømes muehalemose Isothecium myosuroides, matteblæremose Frullania tamarisci, kystbustehette Orthotrichum lyellii og trådkjølmose Zygodon rupestris vart funne.

Bruk, tilstand og påvirkning: Lokaliteten blir beita.

Del av helhetlig landskap: Lokaliteten bør sjåast i samanheng med andre verdifulle lokalitetar i nærleiken.

Vegetasjon: Frisk fattigeng (G4)

Verdivurdering: Gammal hagemark med innslag av særslig grov eik. Sjølv om sjeldsynte og truga artar førebels ikkje er funne på lokaliteten er det eit bra potensial for slike. Lokaliteten blir vurdert som viktig (B-verdi).

Skjøtsel og hensyn: Lokaliteten bør ikkje bli utsett for gjødselspreiing. Beite bør halde fram slik at den tilstanden som er i dag blir bevart.

### **128, Pyttane- Baustadneset, Rik edellauvskog (Or-askekog) - Verdi A.**

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Torbjørn Høitomt den 8.10.2013 i samband med naturtypekartlegging i Tysvær kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Ny beskriving og avgrensing 2013 skal erstatte gammal naturtypelokalitet BN00037886, Pyttane-Baustadneset, innlagd i Naturbase i 2003 (kartlagt av Haugaland Naturkompetanse i 2003 (Naturbase 2013)). Noko informasjon er òg henta frå John Bjarne Jordal som besøkte lokaliteten i mai 2013. Raudlistekategoriar følgjer Norsk raudliste for artar 2010.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg vest for Baustadåaen, Pyttane på Baustadneset i Tysvær kommune og omfattar ei rik skogsli med høgt innslag av edle lauvtre. Berggrunnen i området er sammensett av fyllitt og glimmerskifer. Lokaliteten ligg i overgangen mellom klart og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon (Moen 1998), i eit særleg nedbørrikt låglandsområde med særleg mange sterkt oseaniske, fuktrevjande mosar og lav.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld naturtypen rik edellauvskog og fleire utformingar er representert. Området er variert med alt frå kjeldepåverka areal til tørre skrentar og blokkrik mark. Dei kjeldepåverka delane, særleg i nord er dominert av dels ganske gammal svartor med innslag av ask (NT). I dei tørrare partia finst meir ask og hassel, samt litt eple og krisztorn. Særleg mykje hassel finst i det flate partiet vest i lokaliteten. Noko lind veks heilt oppe i skrenten i det bratteste partiet. Nokre av asketrea er opp mot 150 cm i diameter, og grov ask finst spreidd i heile lokaliteten. Store delar av lokaliteten er den truga vegetasjonstypa or-askeskog. Det finst òg ein del daud ved av alle treslag i alle stadier av nedbryting. Vegetasjonen er rik med artar som brunrot, venderot, stankstorkenebb, svartburkne, skogsvinerot, geittelg, kjempesvingel, myske, junkerbregne og ormetylge. I dei kjeldepåverka partia finst òg artar som slakkstorr, skogkarse og kystmaigull rikeleg. I botnsjiktet og på steinblokkar finst mykje kystmoldmose Eurhynchium striatum og stortujamose Thuroidium tamariscum.

## -Naturtypar i Gjesdal og Tysvær kommunar 2013 -

Artsmangfold: Det er påvist eit rikt mangfald av særleg lav på lokaliteten. Blant desse er den truga *Deglia cyanoloma* (VU), som vart funne på seks grove asketre og *Thelopsis rubella* (VU) som vart funne på eit asketre. Av andre uvanlege eller noko krevjande lav kan artar som kystnever, lungenever, vanlig blåfiltlav, rund porelav, flishinnelav, blyhinnelav, buktporelav, grynfiltlav, stiftfiltlav og *Mycobilimbia pilularis* nemnast. Mosefloraen er òg ganske rik med artar som revemose *Thamnobryum alopecurum*, trådskruevrangmose *Bryum moravicum*, skrumpjamnemose *Plagiothecium nemorale* og kystband *Metzgeria conjugata*.

Bruk, tilstand og påvirkning: Nedre delar av lokaliteten er gammal kulturmark. Her finst gamle steingjerde, grunnmurar, epletre og andre teikn på busetting. Arealet er i dag attgrødd og er på god veg til å utvikle dei same verdiane som finst i skogen rundt.

Fremmede arter: Noko gran er planta rundt lokaliteten og det er fare for at den kan spreie seg inn. Nokre små grantre vart observert i kanten av lokaliteten.

Del av helhetlig landskap: Lokaliteten bør sjåast i samanheng med andre verdifulle lokalitetar i nærleiken.

Vegetasjon: Svartor-ask-utf / Svartor-ask-utforming (Rødlistebetegnelse) (D6b)

Alm-lindeskog (D4)

Lavurt-edelløvskog (D2)

Verdivurdering: Variert og veluvikla lokalitet med rik edelløvskog med mange ulike treslag, rik vegetasjon, mykje daud ved og funn av to truga artar og stort areal av ei truga vegetasjonstype. Det er eit stort potensial for andre sjeldsynte og truga artar knytta til gamle asketre og daud ved. I følge nytt faktaark for rik edelløvskog skal lokaliteten derfor bli vurdert som svært viktig.

Skjøtsel og hensyn: Verdiane i lokaliteten blir teke best omsyn til under fri utvikling.

---

### **129, Baustadåsen N, Naturbeitemark (Beiterey) - Verdi B.**

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Torbjørn Høitomt den 8.10.2013 i samband med naturtypekartlegging i Tysvær kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Raudlistekategoriar følgjer Norsk raudliste for artar 2010.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på nordsida av Baustadåsen i Tysvær og omfattar eit lite areal med fattig beitemark. Berggrunnen i området er sammensett av fyllitt og glimmerskifer. Lokaliteten ligg i overgangen mellom klart og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon (Moen 1998), i eit særleg nedbørrikt låglandsområde med særleg mange sterkt oseaniske, fuktrevjande mosar og lav.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld naturtypen naturbeitemark med utforminga beiterey (ny utforming i følgje faktaark 2013) og omfattar ein ganske bratt, dels einerkledd skråning inni mellom gjødsla areal. Lågt arts Mangfald, men dei artane som finst viser at arealet er ugjødsla. Storfrytle, engvein, kystmaure, torvmosar *Sphagnum spp.*, og mykje engkransmose *Rhytidadelphus squarosus* dominar vegetasjonsbiletet. Ein del einer med byrande soyleform veks spreidd.

Artsmangfold: Det er ikkje påvist sjeldsynte eller truga arter.

Bruk, tilstand og påvirkning: Lokaliteten ser ut til å vere i ganske god hevd, truleg beita av sau.

Del av helhetlig landskap: Lokaliteten bør sjåast i samanheng med andre verdifulle lokalitetar i nærleiken.

Vegetasjon: Fuktig fattigeng (G1)

Verdivurdering: Liten, men ganske intakt naturbeitemark som truleg ikkje har vorte gjødsla i særleg stor grad. Lokaliteten skal i følgje nytt faktark for naturbeitemark bli vurdert som viktig (B-verdi).

Skjøtsel og hensyn: Det er viktig at det ikkje blir spreia gjødsel på lokaliteten, og at beite held fram som i dag.

---

### **130, Baustadåsen NØ, Tresett kulturmark (Fattig hagemark utan styva tre) - Verdi B.**

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Torbjørn Høitomt den 8.10.2013 i samband med naturtypekartlegging i Tysvær kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Raudlistekategoriar følgjer Norsk raudliste for artar 2010.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på nordaustsida av Baustadåsen i Tysvær og omfattar ein ganske stor eikehage. Lokaliteten grensar til gjødsla beitemark på alle kantar. Berggrunnen i området er sammensett av fyllitt og glimmerskifer. Lokaliteten ligg i overgangen mellom klart og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon (Moen 1998), i eit særleg nedbørrikt låglandsområde med særleg mange sterkt oseaniske, fuktrevjande mosar og lav.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld natutypen tresett kulturmark med utforminga fattig hagemark utan styva tre (jfr. førebels faktark for typen). Open eikehage med nokre tettare parti. Totalt om lag 30 store eiketre med ein diameter på 45-100 cm. Dei fleste trea står ganske fritt og har vide kroner. Det finst ein del daude greiner og tredeler på nokre av trea, men det vart ikkje sett holrom. Borken er for det meste ganske jamn, men noko meir oppsprokke på nokre av dei eldste trea. Vegetasjonen er sterkt beitepåverka, grasdominert, og nøyseme artar dominerer. Ein del einer veks i busksjiktet.

Artsmangfold: Det vart søkt etter sjeldsynte fuktrevjande kryptogamar utan resultat, men det er eit potensial for truga og sjeldsynte artar innan fleire grupper.

Bruk, tilstand og påvirkning: Ytterkantane av lokaliteten er truleg noko påverka av gjødselspreiing.

Del av helhetlig landskap: Lokaliteten bør sjåast i samanheng med andre verdifulle lokalitetar i nærleiken.

---

Vegetasjon: Hagemark (Rødlistebetegnelse) (G20)

Verdivurdering: Gammal hagemark med innslag av mykje og til dels grov eik. Sjølv om sjeldsynte og truga artar førebels ikkje er funne på lokaliteten er det eit bra potensial for slike. Lokaliteten blir vurdert som viktig (B-verdi).

Skjøtsel og hensyn: Lokaliteten bør ikkje bli utsett for gjødselspreiing. Beite bør halde fram slik at den tilstanden som er i dag blir bevart.

**131, Lambaklubben (Høie), Rik edellauvskog (Lågurt-eikeskog) - Verdi B.**

Innledning: Lokaliteten er opprinnleg kartlagt av Haugaland Naturkompetanse i 2003. Lokaliteten er sist kartlagt av BioFokus ved Kim Abel den 7.10.2013 i samband med oppdatering av naturtypekartet i Tysvær kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Avgrensing og skildring er i denne samanheng oppdatert. Raudlistekategoriar følgjer Norsk raudliste for artar 2010 og Norsk raudliste for naturtypar 2011.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg heilt vest i Tysvær kommune, mellom Sørvågen i vest og Sørvågstjørna i aust. Her ligg lokaliteten i tilknytning til ei markert kolle som endar i sjøen i vest. Berggrunnen i området inneheld migmatitt med glimmergneispaleosom (NGU 2014). Lokaliteten ligg i sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon (Moen 1998), i eit særleg nedbørrikt låglandsområde med særleg mange sterkt oseaniske, fuktrevjande mosar og lav.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld naturtypen rik edellauvskog med utforminga lågurt-eikeskog, men treslagssammensetningen er variert og det er innslag av meir ospedominert skog, rike hasselkraft og lindedominert skog utan at det er tatt noko val om å skille ut desse som eigne naturtyper. Andre treslag er bjørk og rogn. Vegetasjonen er dominert av lågurt fra vegen og opp mot det høgste partiet, medan hasselinnslaget auker nedover mot sjøen. Rundt topppartiet er det ein del innslag av blåbærvegetasjon. Vegetasjonen ber preg av tidlegare beiting og i pari veks det nå opp eit tett busksjikt med rogn, hassel, eik og lind. Uvanleg mykje liljekonvall og til dels krammose i skogbotn. Ein del lundstjerneblom, særleg ned mot vegen. Andre artar er blåknapp, engknoppurt, knollerteknapp, brunrot og krossved. Lågurt-eikeskog er raudlista som nær truga (NT).

Artsmangfold: Ingen raudlisteartar blei funne i lokaliteten. Fleire grove tre både av lind, eik og osp gjer at lokaliteten har potensial for sjeldsynte og raudlista artar knytta til gamle tre, samt at den rike vegetasjonen har eit godt potensial for markbuande sopp. Frå Artskart foreligg det eit funn av falsk brunskrubb (NT) frå 2007.

Bruk, tilstand og påvirkning: Det ligg eit bolighus midt inne i lokaliteten (utelate frå avgrensinga). Området har truleg vært nytta til beite. Det er gamle traktorvegar gjennom lokaliteten i tillegg til eit gammalt, nedfallent bygg helit i nord.

Fremmede arter: Ingen registrert.

Verdivurdering: Velutvikla, men ganske påvirka lokalitet med ein del grove tre og nokså rik vegetasjon. Naturtypen er vurdert som nær truga (NT). Lokaliteten skal etter nytt faktaark for rik edellauvskog (2013) bli vurdert som viktig (B-verdi) da den nær opp til middels verdi på fem av seks parameterar.

Skjøtsel og hensyn: Verdiane i lokaliteten blir teke best omsyn til under fri utvikling

**132, Høye sør, Tresett kulturmark (Fattig hagemark utan styva tre) - Verdi B.**

Innledning: Lokaliteten er opprinnleg kartlagt av Haugaland Naturkompetanse i 2003. Lokaliteten er sist kartlagt av BioFokus ved Kim Abel den 7.10.2013 i samband med oppdatering av naturtypekartet i Tysvær kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Avgrensing og skildring er i denne samanheng oppdatert. To andre små tilgrensande lokalitetar har vorte slått sammen med denne lokaliteten (BN00037924 og BN00037906). Raudlistekategoriar følgjer Norsk raudliste for artar 2010 og Norsk raudliste for naturtypar 2011.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg heilt vest i Tysvær kommune, mellom Haugevatnet i sør og Høyevika i vest. Her ligg lokaliteten i tilknytning til ei større innmarksområde med både eng og hagemark sør for gården Høye. Området er småkupert og med Hoiebekken som markerer grensa mot sør, vatn mot aust og vest, medan fulldyrka mark, hus og hagar markerer grensa mot nord. Berggrunnen i området er sammensett av migmatitt med glimmergneispaleosom (NGU 2014). Lokaliteten ligg i sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon (Moen 1998), i eit særleg nedbørrikt låglandsområde med særleg mange sterkt oseaniske, fuktrevjande mosar og lav.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld natutypen tresett kulturmark med utforminga hagemark (jfr. førebels faktark for typen). Delar av området i sør aust kunne også vere definert som skogsbeite, men hovudinntrykket av engvegetasjonen gjer at området i sin heilskap vert omtala som hagemarksog. Dei opne engene er i storst mogleg grad teke ut avgrensinga da dei var sterkt gjødselpåverka. Nokre mindre parti med meir naturengpreg er inkludert, spesielt eit rett parti sør for det søre bolighuset. Tresjiktet i hagemarka er dominert av hassel, med sommareik på høgdedrag, og vekslande innslag av bjørk. Innanfor området er mindre kollar med sommareik i vanleg, samman med hassel og bjørk. Ein del einer. Nokre randsoner med blanda skog med ask og hegg og noko hassel, rogn og sommareik. Trea er i all hovudsak av små dimensjonar, men einskjelde eik- og asketre har oppnådd dimensjonar opp mot 30-40 cm i diameter. Det er få tre som står fritt. Vegetasjonen er sterkt beitepåverka, grasdominert, og nøysame artar dominerer. Vegetasjonen kan best bli karakterisert som frisk fattigeng. I feltsjiktet er det urter og gras som jordnøtt, gjerdevikke, gauksyre, geitsvingel og hundreas. Eit lite innslag av urtar som skogkarse, vassarve og fuglestjerne.

Artsmangfold: På eik blei det funne liten praktkrinslav Parmotrema chinense (VU). På naturenga blei det funne skjør vokssopp og grønn vokssopp. Det er eit potensial for fleire artar knytta til oseanisk skog og naturbeitemark.

Bruk, tilstand og påvirkning: Vegetasjonen er sterkt beitepåverka. Omkringliggende eng er sterkt gjødselpåverka og dette påverkar også feltsjiktet inne i hagemarka. Det vert jevnleg rydda oppslag av hassel i lokaliteten.

Fremmede arter: Ingen registrert.

Del av helhetlig landskap: Området ligger i hovudsak innanfor Høievassdraget som er verna som eit typisk kystvassdrag i Nord-Rogaland.

Verdivurdering: Eldre hagemark med innslag av mykje hassel og eik, hvor nokre er relativt gamle. Det er funne ein sårbar art, samt det er eit potensial for å finne fleire. Lokaliteten blir vurdert som viktig (B-verdi).

Skjøtsel og hensyn: Det viktigaste tiltaket i denne lokaliteten vil vere å halde nytt oppslag av tre og kratt nede, samt ta vare på dei eldste trea. Ein bør unngå gjødsling av vegetasjonen i lokaliteten, særleg den opne enga sør for bolighuset.

**133, Stårhogg, Rik edellauvskog (Lågurt-eikeskog) - Verdi B.**

Innledning: Lokaliteten er opprinnelag kartlagt av Haugaland Naturkompetanse i 2003. Lokaliteten er sist kartlagt av BioFokus ved Kim Abel den 8.10.2013 i samband med oppdatering av naturtypekartet i Tysvær kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Avgrensning og områdeskildring er i denne samanheng oppdatert. Raudlistekategoriar følgjer Norsk raudliste for artar 2010 og Norsk raudliste for naturtypar 2011.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på Stårhogg, nord for Falkeid, vest for Storavatnet i Tysvær kommune. Her ligg lokaliteten i tilknytning til ein markert og sør austvendt bekkeladal rett nordaust for garden Stårhogg. Lokaliteten grensar mot open innmark i sør og vest, og yngre, fattig skog mot nord. Berggrunnen i området er sammensett av granittisk gneis (NGU 2014). Lokaliteten ligg i sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon (Moen 1998), i eit særleg nedbørrikt låglandsområde med særleg mange sterkt oseaniske, fuktrevjande mosar og lav.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld i all hovudsak naturtypen rik edellauvskog med utforminga lågurt-eikeskog, men lokalitetet har i tillegg ein del areal med rik edellauvskog med utforminga "or-askeskog", og rik sump- og kjeldeskog med utforminga "varmekjær kjeldelauvskog" i botn av bekkeladene, samt noko areal med tresett kulturmark med utforminga "rik hagemark utan styva tre" i kantane i nord og sør. Det meste av arealet ligg inne i eit beiteområde, men delar av det er utligjengeleg for dyra på grunn av vanskeleg terreng. Tresjiktet er dominert av sommareik, men med eit betydeleg innslag av andre tre som ask, hassel, bjørk, hegg, osp, rogn og øyrever. Vegetasjonen er dominert av svak lågurt-eikeskog i lisidene, med noko meir blåbær-eikeskog i nord. I botn av bekkeladene er det or-askeskog og rik sumpskog. Feltsjiktet i lågurtpartiane er ikkje spesielt rikt, men det er noko innslag av liljekonvall og stankstorkenebb. Kjeldepartiane er heller ikkje spesielt rike og er dominert av skogkarse og noko vassarve. I busksjiktet dominerer øyrever. Elles innslag av sløke, vendelrot, bringebær, skogsnelle, blåknapp og skogburkne langsmed bekken. Lågurt-eikeskog er raudlista som nær truga (NT) og varmekjær kjeldelauvskog som sårbar (VU).

Artsmangfold: Det veks lungenever på nokre få eiketre. Mogleg funn av ringstry (NT), men det er ikkje bekrefta. Det er eit potensial for krevande artar knytta til gamle tre og oseanisk skog.

Bruk, tilstand og påvirkning: Kantane mot nord og i sør er ein del av ei hagemark med eik som dominerande treslag. Her er det mykje grov eik opp mot 70 cm i brysthøgdediameter og nokre ask opp i 60 cm. Resten av området er lite påverka av beite. Skogen er variert og til dels grov. Eik utgjer det vanlegaste treslaget. Det er lite daud ved. Det strekk seg eit gjerde gjennom lokaliteten.

Fremmede arter: Ein flerstamma platanlønn veks heilt sør i lokaliteten.

Verdivurdering: Velutvikla, og til dels lite påverka lokalitet med mange grove tre og middels rik vegetasjon. Naturtypane i området er vurdert som nær truga (NT) og sårbar (VU). Lokalitetet skal etter nytt faktaark for rik edellauvskog bli vurdert som viktig (B-verdi) da den når opp til middels verdi på fire av seks parameterar.

Skjøtsel og hensyn: Verdiane i lokaliteten blir teke best omsyn til under fri utvikling. Dei delane som er mest ope i nord og i kantane mot sør kan fortsatt haldast ope.

**134, Måkafjellet-Hornafjellet, Kystlynghei (Kalkfattig kysthei) - Verdi C.**

Innledning: Opprinnelag kjelde er ikkje oppgitt i Naturbase for denne lokaliteten. Den er sist kartlagt av BioFokus ved Kim Abel den 8.10.2013 i samband med oppdatering av naturtypekartet i Tysvær kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Avgrensning og områdeskildring er i denne samanheng oppdatert. Grensene er imidlertid svært grove og som regel kun vurdert på avstand da det ikkje vart mogleg innanfor rimeleg tid å synføre heile grensa. Raudlistekategoriar følgjer Norsk raudliste for artar 2010 og Norsk raudliste for naturtypar 2011.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg heilt sørvest i Vindafjord kommune og med deler av området over i Tysvær kommune. Toppene Måkafjellet i nord, Vikafjellet i aust og Hornafjellet i sør utgjer kjernen i området. Området består av slake lisider ned frå desse fjella og med enkelte brattare berg. Nokre få mindre vatn ligg innanfor avgrensinga. Berggrunnen i området er stort sett sammensett av fattig berg i form av granitt. Heilt i sør er det noko kvartsglimmerskifer til glimmergneis og kvartsdioritt til dioritt (NGU 2014). Lokaliteten ligg i sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon (Moen 1998).

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld naturtypen kystlynghei med utforminga kalkfattig kysthei. Vegetasjonen er svært fattig og grasdominert. Det varierar noko mellom fuktige myrparti i forsenkingar og tørrare parti i lisider og på åsryggar. Blåtopp og bjørnskjegg dominarar feltsjiktet med innslag av kornstorr, stjernestorr og rome. Flekkvis og særsparsamt førekjem noko lyng av klokkeling, røsslyng, krelik, bløkbeær, blåbær og mjølbær. Purpurling er registrert heilt nord i området, men ikkje observert under ein lang feltdag i 2013. Einer veks spridd og flere felter er plantet til med sitkagran og lerk (de største feltene er skilt ut frå naturtypen). Delar av området er under attgroing med sitkagran, lerk, furu og andre treslag, men hovudinntrykket er at området er ope.

Artsmangfold: Purpurling skal finnast i området, men den blei ikkje registrert under heile den feltdagen som blei brukt i området i 2013. Potensialet for sjeldsynte og raudlista arter vurderast som generelt lågt, med mogleg unntak av insekt.

Bruk, tilstand og påvirkning: Området er ein del av eit stort beiteområde, men beitetrykket har nok vorte lågare med åra. Einskilde felt har noko større beitetrykk. Gjengroinga er i parti tydeleg ved at det er mykje ung gran, furu og einer, men hovudinntrykket er at det fortsatt er eit ganske ope område. Det strekk seg fleire gjerder gjennom lokaliteten.

Fremmede arter: Om ein ser bort i frå framande treslag er det ikkje registrert nokon framade arter i lokaliteten, men det har ikkje vorte leita særleg mykje etter dei.

Del av helhetlig landskap: Området ligger delvis innanfor DN si inngrepssfrie område sone 2. Fylkesmannen i Rogaland konkluderar med at området mellom Sundførsvåg, riksveg 11 og veg til Håvik er i dag eit samanhengande naturområde som bør sparast for inngrep som ikkje er heilt naudsynt.

Verdivurdering: I følge nytt faktaark for kystlynghei skal lokaliteten bli vurdert middels til høgt på storleik, lågt til middels på tilstand, og lågt på artar. Den samla verdien vil eitengle ligge på viktig (B-verdi), men grunna at området er totalt dominert av fattige vegetasjonstyper med lågt potensial for sjeldsynte og raudlista arter vurderast området berre til å ha lokal verdi (C-verdi).

Skjøtsel og hensyn: Det er berre mogeleg å gi generelle råd for dette området før ein har skaffa seg betre oversikt over tidligere bruk og tradisjonar i området. Generelt må ein søke å hindra vidare gjengroing ved å rydde oppveksande tre. Beitinga bør også fortsette. Brann vil truleg vere gunstig for mykje av området, men da bør ein sjekka ut meir angående lokale tradisjonar.

---

**135, Nesheimtjernet, Rik kulturlandskapssjø (Næringsrik utforming) - Verdi B.**

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Jon T. Klepsland den 08.10.2013 i samband med naturtypekartlegging i Tysvær kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Lokaliteten er gitt ny skildring og avgrensing og skal erstatte førre versjon (BN00037931) kartlagt av Haugaland Naturkompetanse (2004). Eventuelle raudlistekategoriar (i parentes) følgjer "Norsk raudliste for artar 2010". Det limnologiske miljøet er ikkje undersøkt i denne omgang.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg ved Grindafjorden/Skjoldafjorden, nord for Storavatnet og Skjoldastrumen, i Tysvær kommune. Lokaliteten ligg i sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon (Moen 1998) og berggrunnen er av fyllitt/glimmerskifer (NGU 2014). Lokaliteten er avgrensa mot fastmark, altså er våtmarka inkludert myrsona rundt tjernet med i avgrensinga.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga omfattar eit næringsrikt tjern og våtmarka rundt. Tjernet er i (langsamt) attgroing og ytre del av vegetasjonsbeltet (mot den opne vassflata) er flytematte dominert av nitrofile vasskant-artar. Lenger inn er det myr- eller sumpvegetasjon av fattig utforming, men noko prega av kulturbegunstiga og næringskrevande arter på grunn av beitebruk og tilsig frå fjøs, silo med meir. Den ytre myrsona er storrmyr og storrsump.

Artsmangfold: Dei regionalt sjeldsynte tjørnaks-artane Butt-tjørnaks (*Potamogeton obtusifolius*) og småtjørnaks (*P. berchtoldii*) er påvist tidlegare (Lundberg 1998). Noko flyteblad-vegetasjon med vanleg tjørnaks, gul nøkkerose og andemot finnast også. På flytematta veks den raudlista nikkebrønsle (*Bidens cernua*; VU), også den regionalt sjeldsynt. Her finst også kjempepigknopp, elvesnelle, bukkeblad, brønnkarse, grøftesoleie, stormyraupe, myrmjølke, bekkestjerneblom m.fl. Flaskestorr er til dels dominerande. Myrvegetasjonen lenger inn er meir dominert av engkvein, blåtopp og lyssiv med innslag av m.a. myrhatt, myrtistel, knappsvi, ryllsiv, stjernestorr, knerereturumpe, mannasotgras, englodnegras og øyrevier.

Bruk, tilstand og påvirkning: Ved vitjing i 2013 var vatnet brunt og lukta av gjødsel. Tett attmed lokaliteten ligg det ein stor driftsbygning og ein open silo eller gjødseltank. Det er nærliggande å mistenke at vassmiljøet vert negativt påvirka av næringstilsig frå desse kjeldene.

Verdivurdering: På grunn av førekommst av fleire regionalt sjeldsynte og dels raudlista våtmarksplantar vert lokaliteten vurdert som viktig.

Skjøtsel og hensyn: For å sikre naturverdiane bør ein unngå inngrep i området. Tilsig av næring frå landbruksverksemdebør reduserast.

---

**136, Vårå (Nylund), Rik edellauvskog (Or-askeskog) - Verdi C.**

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Jon T. Klepsland den 08.10.2013 i samband med naturtypekartlegging i Tysvær kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Lokaliteten er gitt ny skildring og avgrensing og skal erstatte førre versjon (BN00037889) kartlagt av Haugaland Naturkompetanse (2004). Eventuelle raudlistekategoriar (i parentes) følgjer "Norsk raudliste for artar 2010" og "Norsk raudliste for naturtypar 2011". For høgt risikovurderte framande artar er oppgjeve risikostatus etter "Norsk svarteliste for artar 2012".

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg ved Grindafjorden/Skjoldafjorden, nord for Storavatnet og Skjoldastrumen, i Tysvær kommune. Lokaliteten ligg i sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon (Moen 1998) og berggrunnen er av fyllitt/glimmerskifer (NGU 2014). Lokaliteten er avgrensa mot vegar både i nedkant (aust) og overkant (vest)fastmark. I nord grensar lokaliteten mot ungskog, og i midtpartiet er det høg slik at dette ikkje lenger vert med i avgrensinga.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga omfattar or-askeskog (i sør) og svartor-utforming av gråor-heggeskog (i nord). Noko av arealet kan eventuelt tolkast som varmekjær kjeldelauvskog (VU).

Artsmangfold: Tresjiktet er i sør dominert av ask (NT) og i nord av svartor. Ellers inngår hassel, hegg, selje, bjørk, osp, og noko spisslønn og platanlønn. Feltsjiktet er frodig og prega av nitrofile artar i kant av hogstiningrepet i sør med m.a. bringebær, stornesle, krushøy, mjødurt, geitrams, sløkje, lyssiv, krattloddnegras og strandryr. I dei meir intakte partia inngår typisk skogburkne, geittelg, hengeving, gjøksyre, skogkarse, stankstorkenebb, enghumleblom, kratthumleblom, skogsvinerot og sølvbunke. Av kryptogamar vart det notert Hypoxylon petriniae ("askekullsopp"), Graphis scripta, Opegrapha rufescens, Arthonia radiata, Catillaria nigroclavata, stiftfiltlav og muslinglav. Ingen spesielt krevjande artar vart funne.

Bruk, tilstand og påvirkning: Deler av edellavskogen er for ganske få år sidan hogd, noko som m.a. har medført næringssfrigjering og oppslag av nitrofile artar. Gjenståande parti (avgrensa areal) er halvgamal skog med moderate dimensjonar. Nokre få asketre er opp mot 40-50 cm dbh. Daud ved finns spreidd men er generelt av små dimensjonar og ganske unge aldersklassar.

Fremmede arter: Innslag av m.a. spisslønn og platanlønn (SE).

Verdivurdering: Lokaliteten vert vurdert som lokalt viktig grunna gode utvikla kjeldeprega or-askeskog og svartorskog, men lite areal, mangel på spesielt krevjande arter og høg grad av påverknad (hogst mm.).

Skjøtsel og hensyn: For å sikre naturverdiane må ein sette av området til fri utvikling utan inngrep (hogst, terrenginngrep mm.).

---

**137, Bjoland, Gammal fattig edellauvskog (Eikeskog) - Verdi C.**

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Jon T. Klepsland den 08.10.2013 i samband med naturtypekartlegging i Tysvær kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Lokaliteten er gitt ny skildring og avgrensing og skal erstatte førre versjon (BN00037940) kartlagt av Haugaland Naturkompetanse (2004). Eventuelle raudlistekategoriar (i parentes) følgjer "Norsk raudliste for artar 2010" og "Norsk raudliste for naturtypar 2011".

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg ved Grindafjorden/Skjoldafjorden, nord for Storavatnet og Skjoldastrumen, i Tysvær kommune. Lokaliteten ligg i sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon (Moen 1998) og berggrunnen er av fyllitt/glimmerskifer (NGU 2014). Lokaliteten er avgrensa mot fjorden i aust og ellers til dyrka mark og busetnad/andre terrenginngrep.

---

## -Naturtypar i Gjesdal og Tysvær kommunar 2013 -

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Eldre eikeskog som er påvirka/prega av beitebruk. Naturverdiane er fremst knytt til tresjiktet/trea og lokaliteten er derfor kartlagt som gammal fattig edellauvskog. Terrenget/bakken er ujamn og steinete. Feltsjiktet er i store parti svakt utvikla (mose-dominans).

Artsmangfold: Tresjiktet er dominert av eik. Ellers inngår litt osp, rogn, villeple, og nede ved fjorden svartor og hassel. Feltsjiktet er artsfattig og grasdominert (smyle m.fl.). Tre-a er dominert av vanlege epifyttar som vanleg kvistlav, grå fargelav, Ochrolechia androgyna og Pertusaria albescens. Av epifyttar med noko signalverdi finst Lopadium disciforme og brun koralllav.

Bruk, tilstand og påvirkning: Eikeskogen er relativt storvaksen med mange tre omkring 40 cm dbh og nokre opp til 55-60 cm dbh. Skogen er svakt til moderat aldersspredd. Daud ved finst knapt. I sør er skogbotnen oppgjødsla grunna bruk som føringssplass (rundballar) og det ligg att ein del plastsøppel.

Fremmede arter:

Verdivurdering: Lokaliteten vert vurdert som lokalt viktig grunna relativt gammal/storvaksen eikeskog. Lite areal, mangel på daud ved og mangel på funn av (og potensial for) spesielt krevjande artar hindrar høgare verdivurdering.

Skjøtsel og hensyn: For å sikre naturverdiane bør ein sette av området til fri utvikling utan større inngrep (hogst, terregningngrep mm.). Ein bør også unngå oppgjødsling/føring i skogholtet.

### **138, Erlandstjørna, Rik kulturlandskapssjø (Kalkfattig utforming) - Verdi C.**

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Jon T. Klepsland den 08.10.2013 i samband med naturtypekartlegging i Tysvær kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Lokaliteten er gitt ny skildring og avgrensing og skal erstatta førre versjon (BN00037913) kartlagt av Haugaland Naturkompetanse (2004). Eventuelle raudlistekategoriar (i parentes) følgjer "Norsk raudliste for artar 2010" og "Norsk raudliste for naturtypar 2011". Det limnologiske miljøet er ikkje undersøkt i denne omgang.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg ved Grindafjorden/Skjoldafjorden, nord for Storavatnet og Skjoldastraumen, i Tysvær kommune. Lokaliteten ligg i sterkt oseansk vegetasjonsseksjon (Moen 1998) og berggrunnen er av fyllitt/glimmerskifer (NGU 2014). I tillegg til tjørna omfattar avgrensinga omkringliggende våmark/myr og kantskog.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Tjørna er omgjeven av moderat artsrik gras-storr-sump og mjukmattemyr. I overgangen mot fastmark er det svartorskog og vierkjerr. Tjørna er truleg mesotrof/eutrof og kalkfattig.

Artsmangfold: Kantskogen rundt tjørna er av svartor, bjørk, hegg og ørevier. I feltsjiktet finst typisk skogkarse, krypsoleie, mjødurt, knappsv, gråstorr og stornesle. Våtmarksvegetasjonen er dominert av flaskestorr og ellers inngår elvesnelle, trådstorr, myrhatt, kattehale, grøftesoleie, fløtgras og kvit nøkkerose.

Bruk, tilstand og påvirkning: Tjørna er truleg noko eutrofert som fylgje avrenning frå omkringliggende kulturmark.

Verdivurdering: Tjørna vurderast inntil vidare som lokalt viktig grunna relativt intakt preg med naturlege kantonar og ganske rik våtmarksvegetasjon.

Skjøtsel og hensyn: For å sikre naturverdiane bør ein unngå større inngrep i området. Tilsig av næring frå landarealet rundt bør avgrensast.

### **139, Erland V, Rik edellauvskog (Or-askekog) - Verdi C.**

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Jon T. Klepsland den 08.10.2013 i samband med naturtypekartlegging i Tysvær kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Lokaliteten er gitt ny skildring og avgrensing og skal erstatta førre versjon (BN00037893) kartlagt av Haugaland Naturkompetanse (2004). Eventuelle raudlistekategoriar (i parentes) følgjer "Norsk raudliste for artar 2010" og "Norsk raudliste for naturtypar 2011". For høgt risikovurderte framande artar er oppgjeve risikostatus etter "Norsk svarteliste for artar 2012".

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg ved Grindafjorden/Skjoldafjorden, nord for Storavatnet og Skjoldastraumen, i Tysvær kommune. Lokaliteten ligg i sterkt oseansk vegetasjonsseksjon (Moen 1998) og berggrunnen er av fyllitt/glimmerskifer (NGU 2014). Lokaliteten grensar til annan prioritert naturtype i vest (Erlandstjørna) og ellers til dyrka mark eller annan sterkt kulturmodifisert mark.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Eldre lauvblandingsskog som dels kan klassifiserast som or-askekog, dels som (gammal) eikeskog og dels som (gammal) ospeskog. Skogen er sterkt prega av beitebruk (sau) og den naturlege markvegetasjonen er i stor grad erstatta av artsfattig grasmark. Det er også parti med svakt utvikla feltsjikt (mose-dominans).

Artsmangfold: Tresjiktet er dominert av eik, osp og ask (NT). Hassel og bjørk er også vanleg, mens rogn platanlønn og svartor inngår meir spreidd/sparsamt. Feltsjiktet er relativt artsfattig med typisk engrapp, engkvein, gjøksyre, krypsoleie, enghumleblom, vassarve, kvassdå m.fl.

Bruk, tilstand og påvirkning: Skogen er moderat gammal og fleiraldra/fleirsjikta med einskjelde eiketre opp mot 60 cm dbh. Dei største asketrea er ca 40 cm dbh. Feltsjiktet er sterkt prega av intensivt beitebruk (sau). Det høge beitetetrykket har også medført gnagskadar på mange tre, spesielt på ask.

Fremmede arter: Ganske mykje av både platanlønn (SE) og rødhyll (HI).

Verdivurdering: Grunna relativt gammal lauvskog med stor treslagsvariasjon vurderast lokaliteten som lokalt viktig. Lite areal og mangel på funn av spesielt krevjande artar hindrar høgare verdivurdering.

Skjøtsel og hensyn: For å sikre naturverdiane må ein sette av området til fri utvikling utan inngrep (hogst, terregningngrep mm.).

### **140, Erland (Ullåsen), Gammal fattig edellauvskog (Eikeskog) - Verdi C.**

## -Naturtypar i Gjesdal og Tysvær kommunar 2013 -

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Jon T. Klepsland den 08.10.2013 i samband med naturtypekartlegging i Tysvær kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Lokaliteten er gitt ny skildring og avgrensing og skal erstatta førre versjon (BN00037884) kartlagt av Haugaland Naturkompetanse (2004). Eventuelle raudlistekategoriar (i parentes) følgjer "Norsk raudliste for artar 2010" og "Norsk raudliste for naturtypar 2011".

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg ved Grindafjorden/Skjoldafjorden, nord for Storavatnet og Skjoldastraumen, i Tysvær kommune. Lokaliteten ligg i sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon (Moen 1998) og berggrunnen er av fyllitt/glimmerskifer (NGU 2014). Lokaliteten grensar i stor grad til dyrka mark/åpen kulturmark, men også meir diffust til annan eikeskog med lågare tettleik av gamle tre eller areal kor eikeskogen er fragmentert og marginalisert.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Eldre eikeskog som er sterkt påvirka av beitebruk og som derfor har preg av hagemark. Naturverdiane er fremst knytt til tresjiktet/treå og derfor kartlagt som gammal fattig edellauvskog. Den naturlege markvegetasjonen er i stor grad erstatta av artsfattig grasmask. Det er også parti med svakt utvikla feltsjikt (mose-dominans).

Artsmangfold: Tresjiktet er heilt dominert av eik. Feltsjiktet er relativt artsfattig med typisk engrapp, engvein, krattlodnegras, gjøksyre, krypsoleie, engsoleie, enghumleblom, kvassdå, tveskjeggveronica m.fl. Trea er sterkt dominert av vanlege epifyttar som matteflette, matteblæremose, grå fargelav, Cladonia spp., Ochrolechia androgyna og Pertusaria albescens. Av epifyttar med noko signalverdi finst litt Pertusaria pertusa, muslinglav og orelav.

Bruk, tilstand og påvirkning: Eikeskogen er relativt storvaksen med mange tre omkring 40-50 cm dbh og nokre få opp til 70-80 cm dbh. Skogen er svakt til moderat alderspreidd. Daud ved finst berre sparsamt og det er ingen kontinuitet i daud ved å tale om. Det vart ikkje observert innhole tre. Øvre trealder er trulig om lag 150 år. Feltsjiktet er sterkt prega av intensivt beitebruk (storfe og sau) og er mange stader optråkka. Tre som står i kant mot åpen kulturmark er i fleire tilfelle sprøya ned med gylle.

Verdivurdering: Lokaliteten vert vurdert som lokalt viktig grunna relativt gammal/storvaksen eikeskog. Lav mengde daud ved og mangel på funn av (og antatt dårlig potensial for) spesielt krevjande artar hindrar høgare verdivurdering.

Skjøtsel og hensyn: For å sikre naturverdiane bør ein sette av området til fri utvikling utan større inngrep (hogst, terrenginngrep mm.). Ein bør også redusere tråkksitasjen/beitebruken og unngå spreiling av gylle på trea.

### **141, Dalselva, Viktig bekdedrag - Verdi B.**

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Jon T. Klepsland den 08.10.2013 i samband med naturtypekartlegging i Tysvær kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Lokaliteten er gitt ny skildring og avgrensing og skal erstatta førre versjon (BN00037928) kartlagt av Haugaland Naturkompetanse (2004). Kun vestre del av vassdraget, nedanfor Solheimsvegen, er ført vidare som naturtype m.a. fordi den økologisk sett skil seg ganske mykje frå den roligflytande austre delen ovanfor Solheimsvegen. Austre del bør eventuelt vurderast som prioritert naturtype ved eit anna høve. Eventuelle raudlistekategoriar (i parentes) følgjer "Norsk raudliste for artar 2010" og "Norsk raudliste for naturtypar 2011".

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på austsida av Skjoldafjorden, nord for Skjoldastraumen, i Tysvær kommune. Lokaliteten ligg i sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon (Moen 1998) og berggrunnen er av granitt (NGU 2014). Avgrensinga omfatter bekken og bekkens kantsonar. Lokaliteten grensar i stor grad til kulturmark og busetnad/bygningar, men til skogsmark i sørvest.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Bekken har eit temmelig slakt og jamnt fall både i austre og vestre del. I midtpartiet fell bekkens mykje brattare og inkluderar der eit stritt stryk og eit lite fossefall med ca 5 meter vertikal fallhøgde. I austre del er ligg bekken eksponert etter at kantskogen har vorte fjerna. I vest er bekken omgjeven av svartordominert lauvskog.

Artsmangfold: Tresjiktet er sammensett av i hovedsak av svartor, ask (NT), bjørk og hassel. Noko selje, rogn, hegg og platanlønn finst også. I aust kor tresjiktet er fjerna er feltsjiktet dominert av engvein og sølvbunke. I vest (der tresjiktet står) er det snarare bregner og vanlege urter i feltsjiktet, eller svakt utvikla feltsjikt (mose-dominans). Langs og i bekkens finst ellers myrstjerneblokk og fløtgrys. Ved fossefallet finst kystmaigull. Det er høg dekning og ganske stor artsrikdom av mosar på stein og berg i og langs vassdraget, og det vart påvist to sjeldsynte artar tilknytta fossefallet/stryket: flommose (VU) og Porpidia hydrophila (VU). Av epifyttar med noko signalverdi er påvist Megalaria pulvrea og grynfiltlav.

Bruk, tilstand og påvirkning: I austre del er ligg bekken eksponert etter at kantskogen har vorte fjerna. I vest er bekken kanta av moderat gammal og fleirsjiktla lauvskog. Lengst vest inngår minst ei innhol ask på ca 70 cm dbh, samt nokre svartor på ca 40-50 cm dbh. Eitt minikraftverk er i drift like nedanfor fossefallet/stryket.

Fremmede arter: Innslag av platanlønn (SE).

Verdivurdering: Lokaliteten vurderast som klart viktig grunna førekomenst av truga oseaniske artar knytt til lite negativt påverka vassdrag i låglandet.

Skjøtsel og hensyn: For å sikre naturverdiane bør ein unngå større inngrep i området (hogst, terrenginngrep mm.). Vassføringa bør ikke reduserast og vannkvaliteten må oppretthaldast.

### **142, Sørtveit, Gammal furuskog (Gammal kystfuruskog) - Verdi C.**

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Jon T. Klepsland den 07.10.2013 i samband med naturtypekartlegging i Tysvær kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Lokaliteten er gitt ny skildring og avgrensing og skal erstatta førre versjon (BN00037937) kartlagt av Haugaland Naturkompetanse (2004). Eventuelle raudlistekategoriar (i parentes) følgjer "Norsk raudliste for artar 2010" og "Norsk raudliste for naturtypar 2011".

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på nordsida av Nedstrandfjorden, mellom Stong og Leiranger, i Tysvær kommune. Lokaliteten ligg i sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon (Moen 1998) og berggrunnen er av fyllitt/glimmerskifer (NGU 2014). Avgrensinga omfatter eit restfragment av eldre kystfuruskog. Lokaliteten grensar i stor grad til driftsvegar og meir hogstpåvirka skog.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Dette er i hovudsak ein bregnerik blåbær-blåtopp-furuskog. I mindre grad finst røsslyng-blokkebær-furuskog. Furuskogen er av typisk kystutforming.

## -Naturtypar i Gjesdal og Tysvær kommunar 2013 -

Artsmangfold: Tresjiktet er dominert av furu. Einer dannar busksjikt. Ellers inngår noko bjørk, eik, øyrevar og kristtorn. Feltsjiket er dominert av blåbær, blåtopp, smyle, bjørnkam og kysteinstage. Ellers inngår m.a. tyttebær, stri kråkefot og knegras. Av epifyttar med noko signalverdi er påvist ringstry (NT), Anisomeridium ranunculosporum, Arthonia leucopellae, Protoparmelia ochrococca, Micarea alabastrites og Thelotrema lepadinum.

Bruk, tilstand og påvirkning: Skogen er relativt storvaksen og moderat til sterkt fleirsjikta med furu opp mot 45-50 cm dbh og anslagsvis 150 år. Det finst spreidd daudvedelement av furu, men hovudsaklig i låge aldersklassar. Dei største kristtorna er treforma og 30(-40) cm dbh. Skogteigen er utan nyare hogstingrep.

Verdivurdering: Lokaliteten vert vurdert som lokalt viktig grunna relativt gammal/storvaksen furuskog med god førekommst av kristtorn og funn av fleire moderat krevjande epifyttar. Lite areal og mangel på funn av (og antatt dårleg potensial for) spesielt krevjande artar gjer at verdivurderinga ikkje når høgare.

Skjøtsel og hensyn: For å sikre naturverdiane må ein sette av området til fri utvikling utan inngrep (hogst, terrengeinngrep mm.).

### **143, Amdal (ytre), Rik edellauvskog (Lågurt-hasselkratt) - Verdi B.**

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Jon T. Klepsland den 07.10.2013 i samband med naturtypekartlegging i Tysvær kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Lokaliteten er gitt ny skildring og avgrensing og skal erstatte førre versjon (BN00037903) kartlagt av Haugaland Naturkompetanse (2004). Avgrensinga er justert for å harmonisere betre med førekommsten av rikare edellauvskog. Eventuelle raudlistekategoriar (i parentes) følgjer "Norsk raudliste for artar 2010" og "Norsk raudliste for naturtypar 2011".

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på austsida av Hervikfjorden, mellom Stong og Espevik, i Tysvær kommune. Lokaliteten ligg i sterkt oseansk vegetasjonsseksjon (Moen 1998) og berggrunnen er av fyllitt/glimmerskifer (NGU 2014). Avgrensinga omfatter ei vestvendt skråning med rikare edellaubbla lauvskog. Lokaliteten er avgrensa mot fattigare skogtyper i sør, til åpen kulturmark i vest og til høgareliggende, småvaksen og fattigare skogtyper i aust. Avgrensinga er noko usikker i nord og lokaliteten kan/bør kanskje utvidast i den retninga.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Skogområdet er heterogen i utforming og vegetasjonssamsetning. Mest utbreidd er blandingskog av bjørk, ask og hassel. I nedre del er vegetasjonen sterkt prega av tidlegare beitebruk (grasdominert feltsjikt). Høgare opp i ulendt og bratt terreng er vegetasjonen meir opphavelig med lyng og urter. Mykje av arealet kan førast til ein eller annan form for fattig til intermediær lågurtskog. Nedst i lia, nær garden Ytre Almdal, inngår eit lite areal med gamle støyvingsstre av ask (haustingsskog).

Artsmangfold: Tresjiktet er som nemt dominert av bjørk, hassel og ask (NT). Stadvis (i høgda) er det òg mykje einer. Meir lokalt eller spreidd finst òg alm (NT), lind, eik, rogn, barlind (VU), morell, villeple og kristtorn. Vivendel og eføy inngår òg. Den gras- og dels bregnerike skogen i lågare parti er dominert av engkvein, og ellers inngår m.a. skogburkne, ormeteig, bringebær, gjoksyre, krypsoleie, skogstorkenebær, mjødurt, enghumleblom, skogfiol, tveskjeggveronika, firkantperikum, trollurt, gulaks og hundegras. Avgrensa til ei heller smal stripe oppunder bergveggane er det til dels rik lågurtvegetasjon med (forutan storfrytle og blåbær) m.a. falkebregne, kusymre, tveskjeggveronika, gjerdvikke, markjordbær, blåklokke, skogsvinerot, skogsalat, liljekonvall, kranskonvall, fagerperikum, lundrapp, hengeaks, vårmarihånd og krossved. Barlind er i hovudsak avgrensa til denne bergrotskrenten. Nokre krevjande epifyttar er funne på dei eldre støyvingsaskane; Gyalecta derivata (EN), Degelia cyanoloma (VU), buktporelav, kystnever og vanleg blåfliftlav. Ellers i området er det kun funne nokre få kryptogamar (epifyttar) med noko signalverdi; Enterographa hutschinsiae, Bacidia rubella og Arthopyrenia cerasi.

Bruk, tilstand og påvirkning: Skogen er moderat gammal og for det meste svakt til moderat fleirsjikta. Dei største ask- og bjørketrea er 40(-50) cm dbh med unnatak av ei gruppe eldre, tidlegare lauva ask nær garden; dei er alle mellom 50 og 100 cm dbh, men er truleg ikkje veldig gamle (m.a. er det lite utvikla stammeholrom). Øvst mot bergveggane er skogen dels tett, småvaksen og krattforma. Ellers har nokre tre- eller buskslag vorte relativt store; det finst hassel på 20-25 cm dbh, kristtorn på 30-35 cm dbh, og ein treforma eføy med ein stammebreidd på 40-50 cm dbh.

Fremmede arter: Sparsamt innslag av platanlønn (SE).

Verdivurdering: Variert og relativt rik edellaubblandingsskog som er tydeleg prega av tidlegare beitebruk og hogst men òg med innslag av lite påverka bergrotskog, samt gamle støyvingsaskar. Det er gjort funn av krevjande og høgt raudlista kryptogamar, men desse er i hovudsak avgrensa til einskildfunn/sparsam førekommst på den lille gruppa av støyvingsaskar og vert derfor ikkje tillagt avgjerande vekt. Lokaliteten vert derfor samla sett vurdert som viktig.

Skjøtsel og hensyn: For å sikre naturverdiane må ein sette av området til fri utvikling utan inngrep (hogst, terrengeinngrep mm.).

### **144, Stong, Gammal furuskog (Gammal kystfuruskog) - Verdi B.**

Innledning: Lokaliteten er nykartlagt av BioFokus ved Jon T. Klepsland den 07.10.2013 i samband med naturtypekartlegging i Tysvær kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Eventuelle raudlistekategoriar (i parentes) følgjer "Norsk raudliste for artar 2010" og "Norsk raudliste for naturtypar 2011".

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på Stong, mellom Hervikfjorden og Nedstrandfjorden, i Tysvær kommune. Lokaliteten ligg i sterkt oseansk vegetasjonsseksjon (Moen 1998) og berggrunnen er av fyllitt/glimmerskifer (NGU 2014). Avgrensinga omfatter eit areal med eldre kystfuruskog (i mosaikk med myr og våtmark). Lokaliteten er noko skjønnmessig avgrensa mot meir hogstpåverka skog og granplantefelt, men avgrensinga er usikker i sør og kan truleg utvidast i den retninga.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Dette er i hovudsak blåbær-blåtopp- furuskog og røsslyng-blokkebær-furuskog i mosaikk med fattig myr. Stadvis inngår mykje tyttebær, kysteinstage, bjørnkam, tepperot, stjernestorr og hundekvein. Kattefot finst sjeldsynt. Einer dannar ofte busksjikt, og i fuktige parti inngår øyrevar. Det er òg innslag av eik, bjørk og kristtorn. Midt i det avgrensa området er ei myr/våtmark med m.a. takrør og kysttjørnaks.

Artsmangfold: Av kryptogamar (epifyttar) med noko signalverdi er det fyrst og fremst verdt å nemne til dels store førekommster av hornstry (NT) og ringstry (NT). Ellers inngår m.a. Arthonia leucopellae og Micarea alabastrites.

Bruk, tilstand og påvirkning: Skogen er moderat gammal og moderat fleirsjikta og fleiraldra med øvre trelder kring 150 år. Det er lite daud ved. Det avgrensa området er utan nyare inngrep av nemneverdig grad.

-Naturtypar i Gjesdal og Tysvær kommunar 2013 -

Verdivurdering: Furuskogen er ganske ordinær i alder og struktur, men låg og sjønær plassering vurderast som positivt. Dette i samband med velarrondert og relativt stort areal og god førekommst av nær trua epifyttar gjør at lokaliteten vurderast som viktig.

Skjøtsel og hensyn: For å sikre naturverdiane bør ein sette av området til fri utvikling utan inngrep (hogst, terrenginngrep mm.).

---

## 3.2 Lokalitetsskildringar Gjesdal kommune

### 207, Middalshammaren N, Regnskog (Fattig boreonemoral regnskog) - Verdi B.

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Torbjørn Høitomt den 9.10.2013 i samband med naturtypekartlegging i Gjesdal kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Raudlistekategoriar følgjer Norsk raudliste for artar 2010.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg rett nord for Middalshammaren ved Oltedal i Gjesdal kommune og omfattar eit nordvent kystberg med noko blokkrik bjørkeskog i nedkant. Berggrunnen i området er sammensett av gneis, glimmergneis og amfibolitt. Lokaliteten ligg i overgangen mellom klart og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon (Moen 1998), i eit særleg nedbørrikt låglandsområde med særleg mange sterkt oseaniske, fuktrevjande mosar og lav.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensningen gjeld naturtypen regnskog med utforminga fattig boreonemoral regnskog (ny inndeling jfr. faktaark 2013). Nordvendt bergrekke med halvgammal til eldre bjørkedominert skog i nedkant. Det er noko innslag av rogn. Det finst lite daud ved, men nokre læger av bjørk ligg spreidd. Delar av arealet er rikt på store steinblokkar. Bergveggane og steinblokkane er for det meste sure og harde, men nokre parti med litt rikare berg finst innimellom. Vegetasjonen er noko prega av beite og karplantefloraen er dominert av nøy same artar. Det er mykje storfrytle i skogbotn og ein del hinnebregne på bergea. I busksjiktet og på steinblokkar finst eit rikeleg utval av noko fuktrevjande moseartar som er typisk for denne naturtypen i denne regionen.

Artsmangfold: Det er påvist fleire fuktrevjande moser i lokaliteten. Blant dei mest interessante er purpurmose *Pleurozia purpurea*, gullhårmose *Bretuella chrysocoma*, fleinljåmose *Dicranodontium denudatum*, kysttvebladmose *Scapania gracilis*, prakttvebladmose *Scapania ornithopodioides*, skjørbæremose *Frullania fragilifolia*, raudmuslingmose *Mylia taylorii*, kystkransmose *Rhytidiodelphus loreus*, vengemose *Douinia ovata*, kystflak *Calypogeia arguta* og kostsåtemose *Campylopus fragilis*. Utvalet av lav er ikkje like bra.

Bruk, tilstand og påvirkning: Lokaliteten er noko påverka av eit nærliggande kraftverk. I røyrgate går heilt opp til berget rett aust for lokaliteten. I tillegg krossar ein taktorveg igjennom lokaliteten.

Del av helhetlig landskap: Lokaliteten bør sjåast i samanheng med andre lokalitar med regnskog i området. Det finst fleire mindre regnskogsfragment i underkant av nordvente bergveggar omkring Oltedal og vidare austover.

Vegetasjon: Blåbærskog (A4)

Verdivurdering: Relativt liten, men ganske velutvikla lokalitet med regnskog. Det finst ganske store mengder av mindre vanlege fuktrevande mosar, men ingen truga artar. Lokaliteten oppnår middels verdi på to parametarar i følgje utkast til nytt faktaark for regnskog frå 2013. Lokaliteten blir derfor vurdert som viktig (B-verdi).

Skjøtsel og hensyn: Verdiane i lokaliteten blir teke best omsyn til under fri utvikling.

### 208, Oltedal S, Tresett kulturmark (Fattig hagemark utan styva tre) - Verdi B.

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Torbjørn Høitomt den 9.10.2013 i samband med naturtypekartlegging i Gjesdal kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Ny beskriving og avgrensning 2013 skal erstatte gammal naturtypelokalitet BN00037821, Oltedal, innlagd i Naturbase i 2002 (kartlagt av Ambio Miljørådgivning (nå Ecfact) v/Toralf Tysse i 2002 (Naturbase 2013)). Raudlistekategoriar følgjer Norsk raudliste for artar 2010.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på ein liten ås i kulturlandskapet rett sør for gardane Oltedal og Nedre Oltedal og omfattar ein ganske stor eikehage. Berggrunnen i området er sammensett av diorittisk til granittisk gneis. Lokaliteten ligg i overgangen mellom klart og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon (Moen 1998), i eit særleg nedbørrikt låglandsområde med særleg mange sterkt oseaniske, fuktrevjande mosar og lav.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld naturtypen tresett kulturmark med utforminga fattig hagemark utan styva tre. Open eikehage med 15-20 store eiketre med ein diameter på opp mot 100 cm. Mange av eikene har vide kroner og det finst nokon daude greiner eller tredalar på mange av trea. Borken er stort sett ganske jamm. Eit ospeholt er også inkludert i nordvest, to av ospene er ganske grove. Vegetasjonen er fattig og dominert av nøy same artar. Det er eit ganske høgt innslag av naturengartar og skogartar, men langsmed kantane og i opne parti er vegetasjonen prega av gjødsel. I busksjiktet finst noko einer spreidd, men det meste av eineren ser ut til å ha tørka ut sist vinter.

Artsmangfold: Eikelav *Flavoparmelia caperata* (NT) veks på minst eit av dei grove eiketreina. Utover dette var det berre funne meir eller mindre vanlege kryptogamar som musehalemose *Isothecium myosuroides*, kystbustehette *Orthotrichum lyellii*, tønnebustehette *O. striatum*, matteflette *Hypnum cupressiforme*, skåldogglav *Physconia distorta*, grå fargelav *Parmelia saxatilis* og kanskje den noko dårleg kjende arten *Parmelia ernstiae*. Det kan også vere eit godt potensial for truga og sjeldsynte insekt knytta til dei gamle eiketreina.

Bruk, tilstand og påvirkning: Lokaliteten blir beita av (vill)? sau, og inngår i eit større beiteområde der eit stort nyrydda areal lenger oppover lia utgjer det meste av arealet.

Vegetasjon: Hagemark (Rødlistebetegnelse) (G20)

Verdivurdering: Velutvikla hagemark med fleire store eiketre opp mot 100 cm med vid krone. I tillegg er det påvist ein nær truga art og lokaliteten er lite gjødselpåverka og i god hevd. Avgrensinga blir derfor vurdert som viktig (B-verdi).

Skjøtsel og hensyn: Lokaliteten bør ikkje bli utsett for gjødselspreiing. Beite bør halde fram slik at den tilstanden som er i dag blir bevart.

### 209, Oltedal kyrkje, sør for, Tresett kulturmark (Fattig hagemark utan styva tre) - Verdi C.

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Torbjørn Høitomt den 9.10.2013 i samband med naturtypekartlegging i Gjesdal kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Ny beskriving og avgrensning 2013 skal erstatte gammal naturtypelokalitet BN00037843,

## -Naturtypar i Gjesdal og Tysvær kommunar 2013 -

Oltedal, innlagd i Naturbase i 2002 (kartlagt av Ambio Miljørådgivning (nå Ecofact) v/Toralf Tysse i 2002 (Naturbase 2013)). Raudlistekategoriar følgjer Norsk raudliste for artar 2010.

**Beliggenhet og naturgrunnsLAG:** Lokaliteten ligg rett sør for Oltedal kyrkje, ved eit nytt boligfelt langsmed elva som renn ut frå Oltedalsvatnet. Berggrunnen i området er sammensett av amfibolitt, hornblendegeis og glimmergeis. Lokaliteten ligg i overgangen mellom klart og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon (Moen 1998), i eit særleg nedbørrikt låglandsområde med særleg mange sterkt oseaniske, fuktrevjande mosar og lav.

**Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper:** Avgrensinga gjeld naturtypen tresett kulturmark med utfominga fattig hagemark utan styva tre. Ganske tett eikekage med ganske gammal eik av relativt små dimensjonar som står i ein bratt skråning ned mot elva. Ingen av trea er særleg grove og alle treegenskapar som er viktig for spesialiserte artar er dårleg utvikla. Vegetasjonen er dominert av nøyssame artar som blåbær, engkevin, tyttebær og tepperot.

**Artsmangfold:** Det er ikkje påvist sjeldsynte eller truga artar i lokaliteten, og potensialet for slike blir førebels vurdert som ganske lågt.

**Bruk, tilstand og påvirkning:** Lokaliteten som vart kartlagt i 2013 er berre ein liten rest (1/4) av den opprinnelige lokaliteten frå 2002. Det meste av arealet har gått med til bygging av boligar for nokre år sida, medan ein liten bit er hogd i senere tid. Lokaliteten blir beita.

**Vegetasjon:** Hagemark (Rødlistebetegnelse) (G20)

**Verdivurdering:** Rest av tidlegare større lokalitet med hagemark. God førekommst av gammal, men tynnstammet eik. Det er ikkje funne sjeldsynte eller truga artar i lokaliteten som blir vurdert som lokalt viktig (C-verdi).

**Skjøtsel og hensyn:** Lokaliteten bør bli beita for å hindre attgroing. Om storleiken på lokaliteten blir meir redusert, vil kvalitetane truleg ikkje vere tilstrekkeleg store til å oppretthalde avgrensinga.

---

### **210, Kommedal SØ, Regnskog (Fattig boreonemoral regnskog) - Verdi A.**

**Innledning:** Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Torbjørn Høitomt den 10.10.2013 i samband med naturtypekartlegging i Gjesdal kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Ny beskriving og avgrensning 2013 skal erstatte deler av den store, gamle naturtypelokaliteten BN00037812, Frafjorddalen, innlagd i Naturbase i 2002. Den store gamle avgrensinga på sørsida av Frafjorddalen er mellom anna basert på er tidlegare undersøkingar av G. Degelius og K.A. Lye, noko som har resultert i fleire funn av sjeldsynte artar. Dei fleste av desse funna er likevel så dårleg stadfesta at dei ikkje er inkludert i denne eller andre nye avgrensingar i Frafjorddalen. Raudlistekategoriar følgjer Norsk raudliste for artar 2010.

**Beliggenhet og naturgrunnsLAG:** Lokaliteten ligg oppe i lia sør aust for garden Kommedal, langt inne i Frafjorddalen og omfattar eit større areal med regnskog. Aust i lokaliteten finst to bekkeklofter med tallrike bergveggar og -knauser på begge sidar av bekken. Òg ellers i området finst fleire bergveggar og -knausar. Berggrunnen i området er sammensett av diorittisk til granittisk gneis. Lokaliteten ligg i overgangen mellom klart og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon (Moen 1998), i eit særleg nedbørrikt låglandsområde med særleg mange sterkt oseaniske, fuktrevjande mosar og lav.

**Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper:** Avgrensinga gjeld naturtypen regnskog med utfominga fattig boreonemoral regnskog. Moserike bergveggar og -knausar med storfrytledominert blåbærskog med mykje halvgammal bjørk og innslag av noko ung rogn. Det finst lite daud ved, men skogen er ganske gammal i øvre delar av lia. Vestover i lokaliteten finst fleire noko rikare parti knytta til dels kjeldeprega små sokk. Her finst noko gråor og hassel i tillegg til bjørk. Vegetasjonen her har innslag av artar som vendelrot, maigull, skogstorkenebb, stankstorkenebb, fagerperikum og mjødurt.

**Artsmangfold:** Det er påvist eit stort utval av fuktrevjande mosar i lokaliteten. Artar som purpurmose Pleurozia purpurea, gullhårmose Breutelia chrysocoma, fleinljåmose Dicranodontium denudatum, kysttvebladmose Scapania gracilis, prakttvebladmose Scapania ornithopodioides, storstøyle Bazzania trilobata, raudmuslingmose Mylia taylorii, kystkransmose Rhytidiodelphus loreus og vengemose Douinia ovata veks vanleg på lokaliteten. På rikare bergveggar finst artar som krusfellmose Neckera crispa, kammose Ctenidium molluscum, putevrimose Tortella tortuosa, krusknausing Grimmia torquata, bekkerundmose Rhizomnium punctatum, myrstjernemose Campylium stellatum og fettmose Aneura pinguis. I tillegg var den sjeldsynte arten butturnemose Rhabdoweisia crenulata (VU) påvist på to nærliggjande bergveggar. Hinnebregne veks vanleg på berg og knausar i området. Lavfloraen ser ikkje ut til å vere like artsrik her som lenger ut i Frafjorddalen og i Dirdal.

**Bruk, tilstand og påvirkning:** Ut over at skogen har vore bruk til hogst og beite opp igjennom historien finst ingen spor etter aktivitet frå menneske .

**Del av helhetlig landskap:** Lokaliteten inngår i ein mosaikk av viktige miljø med regnskog og anna lauskog i Frafjorddalen. Nærleik til så mange andre tilsvarande ormånde, enten dei er avgrensa eller ikkje, er med på heve berdien for fleire av lokalitetane i dalen.

**Vegetasjon:** Hinnebregne-utforming (Rødlistebetegnelse) (F2d)

**Blåbærskog (A4)**

**Småbregneskog (A5)**

**Storbregne- og høystaudeskogvegetasjon (C)**

**Verdivurdering:** Stor og velutvikla lokalitet, der store deler er fuktig regnskog med stor dekning av typiske moseartar. I følgje nytt faktaark for regnskog (2013) oppnår lokaliteten middels verdi på to og høg verdi på to parametarar. I tillegg inngår lokaliteten i eit viktig heilskapleg landskap og skal derfor bli vurdert som svært viktig (A-verdi).

**Skjøtsel og hensyn:** Verdiane i lokaliteten blir teke best omsyn til under fri utvikling.

---

### **211, Kommedal SV, Bekkekloft og bergvegg (Bekkekloft) - Verdi B.**

## -Naturtypar i Gjesdal og Tysvær kommunar 2013 -

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Torbjørn Høitomt den 10.10.2013 i samband med naturtypekartlegging i Gjesdal kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Ny beskriving og avgrensing 2013 skal erstatte deler av den store, gamle naturtypelokaliteten BN00037812, Frafjorddalen, innlagd i Naturbase i 2002. Den store gamle avgrensinga på sørsida av Frafjorddalen er mellom anna basert på er tidlegare undersøkingar av G. Degelius og K.A. Lye, noko som har resultert i fleire funn av sjeldsynte artar. Dei fleste av desse funna er likevel så dårleg stadfesta at dei ikkje er inkludert i denne eller andre nye avgrensingar i Frafjorddalen. Raudlistekategoriar følgjer Norsk raudliste for artar 2010.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg oppe i lia sørvest for garden Kommedal, langt inne i Frafjorddalen og omfattar ei bekkekløft som er noko greina i øvre delar. Berggrunnen i området er sammensett av diorittisk til granittisk gneis. Lokaliteten ligg i overgangen mellom klart og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon (Moen 1998), i eit særleg nedbørrikt låglandsområde med særleg mange sterkt oseaniske, fuktrevjande mosar og lav.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld naturtypen bekkekløft og bergvegg med utforminga bekkekøft. Ganske open bekkekøft med eit breitt bekkeløp som vitnar om at vassføringa i periodar kan vere stor. Langsmed kantane i nedre delar veks ganske gammal bjørkeskog iblanda noko rogn, men det vidare oppover kløfta er låg dekning av skog. Sidane av kløfta er bratte men dekninga av mosar er ganske høg, særleg nederst på bergveggene. Der det finst feltvegetasjon er denne dominert av nøyssame arter knytta til blåbærskog.

Artsmangfold: Det er påvist fleire fuktrevjande moseartar som er typiske for regionen som til dømes purpurmose *Pleurozia purpurea*, gullhårmose *Breutelia chrysocoma*,leinljåmose *Dicranodontium denudatum*, kysttvebladmose *Scapania gracilis*, prakttvebladmose *Scapania ornithopodioides* og grannkrekmose *Lepidozia pearsonii*. Hinnebregne veks vanleg på berg og knausar i området. Lavfloraen ser ikkje ut til å vere like artsrik her som lenger ut i Frafjorddalen og i Dirdal.

Bruk, tilstand og påvirkning: Ut over at skogen har vore brukt til hogst og beite opp igjennom historien finst ingen spor etter aktivitet frå menneske .

Del av helhetlig landskap: Lokaliteten inngår i ein mosaikk av viktige miljø med regnskog, anna lauskog og bekkekøfter i Frafjorddalen. Nærlik til så mange andre tilsvarande ormåde, enten dei er avgrensa eller ikkje, er med på heve berdien for fleire av lokalitetane i dalen.

Vegetasjon: Bergsprekk og bergvegg / Bergvegg og bergsprekk (Rødlistebetegnelse) (F2)

Blåbærskog (A4)

Verdivurdering: Ganske velutvekla, men ikkje verken særleg rik på artar eller viktige naturelement. Likevel finst nokre kravfulle, regiontypiske artar og lokaliteten inngår i eit særskilt heilsakleg landskap. Avgrensinga blir derfor vurdert som viktig (B-verdi).

Skjøtsel og hensyn: Verdiane i lokaliteten blir teke best omsyn til under fri utvikling.

### **212, Skredaknutan-Skiparhaughammaren, Regnskog (Fattig boreonemoral regnskog) - Verdi A.**

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Torbjørn Høitomt den 10.10.2013 i samband med naturtypekartlegging i Gjesdal kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Ny beskriving og avgrensing 2013 skal erstatte deler av den store, gamle naturtypelokaliteten BN00037812, Frafjorddalen, innlagd i Naturbase i 2002. Den store gamle avgrensinga på sørsida av Frafjorddalen er mellom anna basert på er tidlegare undersøkingar av G. Degelius og K.A. Lye, noko som har resultert i fleire funn av sjeldsynte artar. Dei fleste av desse funna er likevel så dårleg stadfesta at dei ikkje er inkludert i denne eller andre nye avgrensingar i Frafjorddalen. Nyare funn gjort av G. Gaarder, John Bjarne Jordal og John Inge Johnsen (Artskart 2013) er inkludert i skildringa. Raudlistekategoriar følgjer Norsk raudliste for artar 2010.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg rett sør for sørenda av Frafjorden og omfattar eit areal under Skredaknutan og vidare vestover langsmed oversida av den gamle vegen ned mot Frafjord. Berggrunnen i området er sammensett av diorittisk til granittisk gneis. Lokaliteten ligg i overgangen mellom klart og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon (Moen 1998), i eit særleg nedbørrikt låglandsområde med særleg mange sterkt oseaniske, fuktrevjande mosar og lav.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld naturtypen regnskog med utforminga fattig, boreonemoral regnskog i mossaikk med med den sørlege, oseaniske moseutforminga av naturtypen nordvendte kystberg og blokkmark. Moserike bergveggar og -knausar med storfrytledominert blåbærskog med mykle halvgammal bjørk og innslag av noko ung rogn. Nokre mindre parti med rikare vegetasjon finst spreidd. Det finst lite daud ved, men skogen er ganske gammal i øvre delar av lia. Fleire mindre kløfter og sprekkedalar finst i lokaliteten noko som skapar særskilt høg topografisk variasjon.

Artsmangfold: Denne lokaliteten er besøkt av fleire biologar dei siste åra. Saman med kartlegginga gjort i 2013, har dette ført til at det er påvist eit særskilt mangfold av sjeldsynte og truga kryptogamar i lokaliteten. Av lav er grå buktkrinslav *Hypotrachyna laevigata* (EN), vanleg blåfjelllav *Degelia plumbea* og kranshinnelav *Leptogium burgessii* (VU) heilt sikre. Men nokre eldre funn med noko dårlegare stadfesting kan og truleg føres til lokaliteten. Dette gjeld artar som kastanjeblåfjelllav *Fuscopannaria sampaiana* (VU), sprikeskjegg *Bryoria nadvornikiana* (NT), kort trollskjegg B, *bicolor* (NT), kystkorallav *Bunodophoron melanocarpum* (NT) og buktkrinslav *Sticta sylvatica*. Mosefloraen er også rik med store bestandar av artar som purpurmose *Pleurozia purpurea*, gullhårmose *Breutelia chrysocoma*,leinljåmose *Dicranodontium denudatum*, kysttvebladmose *Scapania gracilis*, prakttvebladmose *Scapania ornithopodioides*, småhinnemose *Plagiochila punctata*, kystmose *Loeskebryum brevirostre*, rugledraugmose *Anastrophyllum assimile* og grannkrekmose *Lepidozia pearsonii*. I tillegg er pigghinnemose *Plagiochila spinulosa* (VU) tidlegare funnen i lokaliteten. Karplantefloraen er ikkje like rik, men hinnebregne finst i store mengdar i området. I tillegg er myske og skogsvingel funne i eit litt rikare parti.

Bruk, tilstand og påvirkning: Lokaliteten er lite påverka av nyare inngrep, men grenser i nedkant mot tunnelloppeningen på den nye vegen inn til Frafjord og mot den gamle vegen ned lia til Frafjord. Heilt i vest krysser lokaliteten denne gamle vegen som ikkje lenger blir nytta som bilveg.

Del av helhetlig landskap: Lokaliteten inngår i ein mosaikk av viktige miljø med regnskog, anna lauskog og bekkekøfter i Frafjorddalen. Nærlik til så mange andre tilsvarande ormåde, enten dei er avgrensa eller ikkje, er med på heve berdien for fleire av lokalitetane i dalen.

Vegetasjon: Hinnebregne-utforming (Rødlistebetegnelse) (F2d)

Blåbærskog (A4)

Verdivurdering: Stor, intakt, variert og sær artsrik lokalitet med regnskog. I følge nytt faktaark for regnskog (2013) oppnår lokaliteten høg verdi på tre av fire parametarar. I tillegg inngår lokaliteten i eit viktig heilskapleg landskap og skal derfor bli vurdert som svært viktig (A-verdi).

Skjøtsel og hensyn: Verdiane i lokaliteten blir teke best omsyn til under fri utvikling.

---

**213, Seldalsheia, Rikmyr** (Åpen intermediær og rikmyr i låglandet) - Verdi A.

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Torbjørn Høitomt den 10.10.2013 i samband med naturtypekartlegging i Gjesdal kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Ny beskriving og avgrensning 2013 skal erstatte gammal naturtyperlokaltet BN00037845, Seldalsheia, innlagd i Naturbase i 2002 (kartlagt av Ambio Miljørådgivning (nå Ecofact) v/Toralf Tysse i 2002 (Naturbase 2013)). Raudlistekategoriar følgjer Norsk raudliste for artar 2010.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i ei sørverndt helling på Seldalsheia i Gjesdal kommune, heilt inntil grensa mot Sandnes og omfattar eit areal med rikmyr. Berggrunnen i området er rik, angitt som kalkspatmarmor. Lokaliteten ligg i overgangen mellom klart og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon (Moen 1998), i eit særleg nedbørrikt låglandsområde med særleg mange sterkt oseaniske, fuktrevjande mosar og lav.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld naturtypen rikmyr med utforminga open, intermediær rikmyr i låglandet. Fuktsig/bakkemyr i kanten av og innimellom bjørkeskog. Det er lite torvutvikling. Terrenget heller vestover og ein liten bekk renn igjennom lokaliteten.

Artsmangfold: Det er påvist eit ganske rikt utval basekrevjande rikmyrartar i lokaliteten. Av karplantar er brunskjene (NT), breiull, myrsaulauk, engstorr, loppestorr og småsvaks funne. Av moser finst stormakkmosa Scopidium scorpidioides, raudmakkmosa S. revolvens myrstjernemose Campylium stellatum og rødmesigmose Blindia acuta i rikelege mengdar.

Bruk, tilstand og påvirkning: Lokaliteten er noko truga av attgroing, men óg av tråkk frå tunge storfe som beitar i området.

Del av helhetlig landskap: Lokaliteten inngår i ein heilskap med fleire naturtyper med førekomst av rike vegetasjonstypar i området rundt Seldal.

Vegetasjon: Ekstremrik fastmattemyr i låglandet (utforming av LM2) (Rødlistebetegnelse) (M3c)

Verdivurdering: Liten, men intakt lågtliggjande rikmyr i ein region som er sterkt påverka av oppdyrkning. I følge nytt faktaark for rikmyr (2013) skal intakte, lågtliggjande rikmyrer i regionar med lite rikmyr bli vurdert høgt. Lokaliteten blir derfor vurdert som svært viktig (A-verdi).

Skjøtsel og hensyn: Pass på at myra ikkje gror att med bjørk. Beite med tunge dyr er ikkje særleg bra for lokaliteten.

---

**214, Tverrfjellet V, Gammal fattig edellauvskog** (Eikeskog) - Verdi B.

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Torbjørn Høitomt den 10.10.2013 i samband med naturtypekartlegging i Gjesdal kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Raudlistekategoriar følgjer Norsk raudliste for artar 2010.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg innunder Tverrfjellet, i overkant av eit større areal med dyrka mark ved Øvre Oltedal. Berggrunnen i området er sammensett av amfibolitt, hornblendegeis og glimmergeis. Lokaliteten ligg i overgangen mellom klart og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon (Moen 1998), i eit særleg nedbørrikt låglandsområde med særleg mange sterkt oseaniske, fuktrevjande mosar og lav.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld naturtypen gammal fattig edellauvskog med utforminga eikeskog. Eldre eikeskog i område med mykje blokkmark og dels rasmrk. Innsalg av bjørk, osp og hassel, samt litt selje og hegg. Eiketre her veks seint og er for ein stor del ganske krokete. Dei fleste trea er 40-60 cm i diameter, men nokre individ er noko større, særleg gjeld dette nokre fleirstamma tre. Det er ganske mykje daude greiner og andre tredalar på fleire av eikene og små holrom vart sett på minst to tre. Borken er likevel ikkje særleg grov. Det finst nokre eikelæger spreidd. Vegetasjonen er grasdominert med mykje blåtopp. I busksjiktet veks noko einer.

Artsmangfold: Fuktkrevjande kryptogamar er ettersøkt, men det vart ikkje funne truga eller særleg sjeldsynte artar.

Bruk, tilstand og påvirkning: Lokaliteten er ikkje påverka av nyare inngrep.

Vegetasjon: Rasmark (F1)

Verdivurdering: Til regionene å vere er dette eit ganske stort areal med intakt eikeskog. Fleire av trea er ganske gamle og sjølv om det ikke førebels er funne sjeldsynte eller truga artar blir lokaliteten vurdert som viktig (B-verdi).

Skjøtsel og hensyn: Verdiane i lokaliteten blir teke best omsyn til under fri utvikling.

---

**215, Baualivatnet N, Gammal fattig edellauvskog** (Eikeskog) - Verdi B.

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Torbjørn Høitomt den 11.10.2013 i samband med naturtypekartlegging i Gjesdal kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Ny beskriving og avgrensning 2013 skal erstatte gammal naturtyperlokaltet BN00037879, V/Baualivatnet, innlagd i Naturbase i 2002 (kartlagt i samband med viltkartlegging i kommunen (Naturbase 2013)). Raudlistekategoriar følgjer Norsk raudliste for artar 2010.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på nordaustsida av Baualivatnet, innunder Fossånfjellet rett sør for Kyllingstad i Gjesdal. Avgrensinga grenser mot meir triville skogtyper i nord, aust og vest og mot vatn i sør. Lokaliteten ligg i overgangen mellom fleire

## -Naturtypar i Gjesdal og Tysvær kommunar 2013 -

typer berggrunn som mellom anna inkluderer kalkspatmarmor, amfibolitt og ulike typer gneis. Lokaliteten ligg i overgangen mellom klart og sterkt oseansk vegetasjonsseksjon (Moen 1998), i eit særleg nedbørrikt låglandsområde med særleg mange sterkt oseanske, fuktrevjande mosar og lav.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld naturtypen gammal fattig edellauvskog med utformingane eikeskog og hasselkratt. Eik- og hasseldominert skog iblanda noko bjørk og osp. Skogen er fleraldra og dei største eiketreia er 30-40 cm i diameter. Viktige eikestrukturer som daude tredele, holhet og sprekkebork er dårleg utvikla. Det finst noko daud ved spreidd. Delar av lokaliteten er blokkrik og med innslag av nokre bergveggar. Hasselkrattene veks for det meste ved basis av berge. Vegetasjonen er stort sett fattig med artar som blåbær, blåtopp, einstape og tepperot. Nokre av bera heilt i vest er litt rikare. I denne delen finst også eit lite areal som er kjeldeprega.

Artsmangfold: Vrengefjellmose *Neckera pumila* og muslinglav *Normandina pulchella* veks vanleg på hassel i området. I tillegg vart ein kvitryggspett sett i området. Det vart ikkje brukt mykje tid på å leite opp artar i lokaliteten og det er potensial for å finne fleire interessante artar.

Bruk, tilstand og påvirkning: Lokaliteten er noko beiteprega, men utover dette ikkje påverka av menneske i nyare tid.

Vegetasjon: Bergsprekk og bergvegg / Bergvegg og bergsprekk (Rødlistebetegnelse) (F2)

Blåbærskog (A4)

Småbregneskog (A5)

Verdivurdering: Regionalt sett ganske stor lokalitet med blanda, men eike- og hasseldominert lauvskog på varierande berggrunn. Lokaliteten er ikkje påverka av nyare inngrep og er viktig levestad fleire noko uvanlege artar. Avgrensinga blir derfor vurdert som viktig (B-verdi).

Skjøtsel og hensyn: Verdiane i lokaliteten blir teke best omsyn til under fri utvikling.

### **216, Limagarden SV, Tresett kulturmark (Fattig hagemark utan styva tre) - Verdi A.**

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Torbjørn Høitomt den 11.10.2013 i samband med naturtypekartlegging i Gjesdal kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Ny beskriving og avgrensning 2013 skal erstatte gammal naturtypelokalitet BN00037814, Ytre Lima, innlagd i Naturbase i 2002 (kartlagt av Ambio Miljørådgivning (nå Ecofact) v/Toralf Tysse i 2002 (Naturbase 2013)). Raudlistekategoriar følgjer Norsk raudliste for artar 2010.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg rett sørvest for Limagarden ved Ytre Lima i Gjesdal og omfattar eit areal med gammal hagemark. Berggrunnen i området er sammensett av diorittisk til granittisk gneis. Lokaliteten ligg i overgangen mellom klart og sterkt oseansk vegetasjonsseksjon (Moen 1998), i eit særleg nedbørrikt låglandsområde med særleg mange sterkt oseanske, fuktrevjande mosar og lav.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld naturtypen tresett kulturmark med utforminga fattig hagemark utan styva tre (jf. forebels faktark frå 2013). Gammal, ganske tett hasselhage med mange svært gamle hasselkratt. Det finst nokre daude hasselstammar, men ikkje særleg mykje liggjande daud ved. Vegetasjonen er dårleg utvikla inne i hasselskogen, men bedre utvikla i opne parti med innslag av naturengartar som ryllik, hårsveve, kystmaure, blåklokke, engkvein og blåfjær.

Artsmangfold: Dei gamle hasseltreia er rike på epifyttar, særleg mosar i slektene *Zygodon*, *Ulota* og *Orthotrichum*. Det var samla eit utval av artar i desse slektene og blant dei meir interessante artane er kophilekjelmose *Zygodon viridissimus*, pløsegullhette *Ulota coarctata* og vribustehette *Orthotrichum pulchellum*. I tillegg finst ei lang rekke andre vanlege epifyttar både i dei tre nemnde, og i andre slekter. På ein Stein i eit litt meir ope parti vart den lite samla arten storsporesmotose *Andreaea megistospora* samla. Det vart soikt litt etter sjeldsynte lav, noko som resulterte i funn av orelav *Hypotrichyna revoluta* og liten lindelav *Parmelina pastillifera*. I tillegg er det eit visst potensial for sjeldsynte og truga skorpelav knytta til borken på dei gamle hasseltreia. Det er også potensial for interessante jordbuande sopp under dei gamle hasselkratta.

Bruk, tilstand og påvirkning: Hasselhagen er i særskilt god tilstand.

Del av helhetlig landskap: Lokaliteten inngår i eit særskilt heilskapleg kulturlandskap rundt Ytre Lima, som omfattar gamle tre, ugjødsela beitemark og hagemark.

Verdivurdering: Særskilt velutvikla hasselhage med rikt artsmanifold som er i god hevd. Lokaliteten inngår i tillegg i eit velheva heilskapleg kulturlandskap rundt Limagarden og blir derfor vurdert som svært viktig (A-verdi)

Skjøtsel og hensyn: Lokaliteten bør ikkje bli utsett for gjødselspreiing. Beite bør halde fram slik at den tilstanden som er i dag blir bevart.

### **217, Limagarden V, Naturbeitemark - Verdi B.**

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Torbjørn Høitomt den 11.10.2013 i samband med naturtypekartlegging i Gjesdal kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Ny beskriving og avgrensning 2013 skal erstatte gammal naturtypelokalitet BN00037867, Ytre Lima, innlagd i Naturbase i 2002 (kartlagt av Ambio Miljørådgivning (nå Ecofact) v/Toralf Tysse i 2002 (Naturbase 2013)). Raudlistekategoriar følgjer Norsk raudliste for artar 2010.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg vest for Limagarden, i retning Ålgård, ved Ytre Lima i Gjesdal og omfattar eit areal med gammal hagemark og naturbeitemark. Berggrunnen i området er sammensett av diorittisk til granittisk gneis. Lokaliteten ligg i overgangen mellom klart og sterkt oseansk vegetasjonsseksjon (Moen 1998), i eit særleg nedbørrikt låglandsområde med særleg mange sterkt oseanske, fuktrevjande mosar og lav.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld naturtypen naturbeitemark i mosaikk med naturtypen tresett kulturmark, i dette tilfellet hagemark. Dei to typane dekkjer om lag det samme arealet. Hagemarka er dels ganske open, dels noko tettare med tydeleg skogpreg. Tresjiktet er variert med ei blanding av eik, bjørk, hassel og osp. Dei fleste trea er 30-40 cm i diameter, men nokon er litt større.

## -Naturtypar i Gjesdal og Tysvær kommunar 2013 -

Det finst litt daud ved i form av gadd og læger spreidd. Feltsjiktet er grasdominert eller meir mosedominert der det blir for tett. Karplantemangfaldet er dominert av nøysame arter. Dei opne partia med beitemark har óg ganske nøysam flora og deler av lokaliteten er ganske sterkt prega av gjødsel. Nokre fuktige delar finst innimellom dei ellers tørre partia. På dei minst gjødsla engflekkane finst innslag av naturengartar som kystmaure, engkvein, tepperot, lækjeveronika, blåklokke, rylik, hårsveve, smalkjempe, finnskjegg, gulaks, knegras og følblom.

Artsmangfold: Det vart søkt litt etter sjeldsynte lav, noko som resulterte i funn av orelav Hypotrachyna revoluta og liten lindelav Parmelina pastillifera. I tillegg er det eit visst potensial for sjeldsynte og truga skorpelav knytta til borken på dei gamle hasseltrea. Det er óg potensial for interessante jordbuande sopp under dei gamle hasselkratta. Den epifytiske mosefloraen er ganske rik, men ingen særleg sjeldsynte artar var påvist.

Bruk, tilstand og påvirkning: Lokaliteten er velhevd, men litt sterkt prega av gjødsel, særleg i dei nedre opne partia med naturbeitemark. Fleire gamle steingjerde strekkjer seg gjennom lokaliteten.

Del av helhetlig landskap: Lokaliteten inngår i eit særskilt heilsakleg kulturlandskap rundt Ytre Lima, som omfattar gamle tre, uggjødsela beitemark og hagemark.

Vegetasjon: Hagemark (Rødlistebetegnelse) (G20)

Frisk fattigeng (G4)

Verdivurdering: Stor og velhevd, men noko gjødselprega lokalitet med innslag av ganske mykke halvgamil hagemark. Det er eit bra potensial for sjeldsynte artar innan fleire grupper og lokaliteten inngår også i eit særskilt heilsakleg kulturlandskap rundt Limagarden. Lokaliteten blir vurdert som viktig (B-verdi), men kan bli vurdert høgare om meir inngående undersøkelser om arts Mangfaldet blir gjort.

Skjøtsel og hensyn: Lokaliteten bør ikkje bli utsett for gjødselspreiing. Beite bør halde fram slik at den tilstanden som er i dag blir bevart.

### **218, Limagarden, Store gamle tre (Eik) - Verdi A.**

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Torbjørn Høitomt den 11.10.2013 i samband med naturtypekartlegging i Gjesdal kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Ny beskriving og avgrensning 2013 skal erstatte gammal naturtypelokalitet BN00037820, Ytre Lima, innlagd i Naturbase i 2002 (kartlagt av Ambio Miljørådgivning (nå Ecofact) v/Toralf Tysse i 2002 (Naturbase 2013)). Raudlistekategoriar følgjer Norsk raudliste for artar 2010.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg rett ved Limagarden ved Ytre Lima i Gjesdal og omfattar eit gammalt eiketre. Berggrunnen i området er sammensett av diorittisk til granittisk gneis. Lokaliteten ligg i overgangen mellom klart og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon (Moen 1998), i eit særleg nedbørrikt låglandsområde med særleg mange sterkt oseaniske, fuktrevjande mosar og lav.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga omfattar naturtypen store gamle tre med utforminga eik. Eika er 120-130 cm i diameter og står ope til i eit verdifullt kulturlandskap. Sjølv om eika er grov, står ope til og har vid krone, er borken jamn og det er ikkje observert holheter. Det finst heller ikkje særleg mykke daud ved i krona.

Artsmangfold: Det vart ikkje påvist sjeldsynte eller truga artar, men slike gamle eiketre er generelt viktig for mange sjeldsynte artar i fleire artsgupper.

Bruk, tilstand og påvirkning: Frittståande eiketre i open, hevd beitemark. Eika står inntil eit gammalt steingjerde.

Del av helhetlig landskap: Lokaliteten inngår i eit særskilt heilsakleg kulturlandskap rundt Ytre Lima, som omfattar gamle tre, uggjødsela beitemark og hagemark.

Verdivurdering: Grov, frittståande eik som likevel mangler viktige strukturar for å nå heilt opp på verdiskalaen. Lokaliteten blir derfor vurdert som viktig (B-verdi).

Skjøtsel og hensyn: Lokaliteten bør ikkje bli utsett for gjødselspreiing. Beite eller rydding bør hindre at det gror att rundt eika.

### **219, Hengjafjellet, Tresett kulturmark (Fattig hagemark utan styva tre) - Verdi A.**

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Torbjørn Høitomt den 11.10.2013 i samband med naturtypekartlegging i Gjesdal kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Ny beskriving og avgrensning 2013 skal erstatte gammal naturtypelokalitet BN00037864, Hengjafjellet, innlagd i Naturbase i 2002 (kartlagt av Ambio Miljørådgivning (nå Ecofact) v/Toralf Tysse i 2002 (Naturbase 2013)). Raudlistekategoriar følgjer Norsk raudliste for artar 2010.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg innunder Hengjafjellet ved Ytre Lima i Gjesdal og omfattar eit stort areal med hagemark. Berggrunnen i området er sammensett av diorittisk til granittisk gneis. Lokaliteten ligg i overgangen mellom klart og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon (Moen 1998), i eit særleg nedbørrikt låglandsområde med særleg mange sterkt oseaniske, fuktrevjande mosar og lav.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld naturtypen tresett kulturmark med utforminga fattig hagemark utan styv tre. Gammal hasselhage med mange svært gamle hasselkratt og eit ganske stort areal med eikehage pregar lokaliteten. Heilt i nord finst også eit areal med større innslag av boreale treslag som osp, selje og bjørk. I sentrale delar finst eit litt større område med open naturbeitemark. Eiketre er dominert av høg, rettstamma eik med ein diameter på 25-50 cm, men nokre få tre opp mot 70 cm spreidd. Det finst lite daudved, borken er ganske jamn og det vart ikkje funne holrom. Hasselhagen inneholdt minst eit 100-tal gamle hassekraatt på mørk moldjord. Kronesjiktet her er så tett av feltvegetasjonen er ganske dårleg utvikla.

Artsmangfold: Det vart søkt litt etter sjeldsynte lav, noko som resulterte i funn av orelav Hypotrachyna revoluta og liten lindelav Parmelina pastillifera på hassel, og skrubbenes Lobaria scrobiculata og kystvrenge Nephroma laevigatum på osp. I tillegg er det eit visst potensial for sjeldsynte og truga skorpelav knytta til borken på dei gamle hasseltrea. Det er óg potensial for interessante jordbuande sopp under dei gamle hasselkratta. Den epifytiske mosefloraen er ganske rik, men ingen særleg sjeldsynte artar var påvist. Om ein hadde brukt meir tid på leiting etter artar, ville ein truleg kunne finne fleire interessante artar.

## -Naturtypar i Gjesdal og Tysvær kommunar 2013 -

Bruk, tilstand og påvirkning: Velhevd, sauebeita hagemark som også blir brukt mykje som turområde. Dei opne partia med naturbeitemark ser ut til å vere noko påverka av gjødsel. Ein veg strekkjer seg gjennom lokaliteten til eit område med dyrka eng litt lenger aust.

Del av helhetlig landskap: Lokaliteten inngår i eit særskilt heilsakleg kulturlandskap rundt Ytre Lima, som omfattar gamle tre, ujødsla beitemark og hagemark.

Vegetasjon: Hagemark (Rødlistebetegnelse) (G20)

Verdivurdering: Stort område med intakt og hevd hagemark. Variert treslagsamansetjing, førekommst av enkelte kravfulle artar og lokaliseringa i eit heilsakleg landskap er også med på å bidra til at lokaliteten blir vurdert som svært viktig (A-verdi).

Skjøtsel og hensyn: Lokaliteten bør ikkje bli utsett for gjødselspreiing. Beite bør halde fram slik at den tilstanden som er i dag blir bevart.

### **220, Yleskogbekken, Bekkekløft og bergvegg (Bekkekløft) - Verdi A.**

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Torbjørn Høitomt den 11.10.2013 i samband med naturtypekartlegging i Gjesdal kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Ny beskriving og avgrensning 2013 skal erstatte gammal naturtypelokaltet BN00037828, Yleskogbekken, innlagd i Naturbase i 2002 innlagt av Fylkesmannen i Rogaland (Naturbase 2013)). Raudlistekategoriar følgjer Norsk raudliste for artar 2010.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i Røyrdalen rett vest for Dirdal, rett ved vestre opning av tunnellen på hovudvegen frå Ålgård mot Sirdal, og omfatter bekkekløfta frå hovudvegen og oppover. Berggrunnen i området er sammensett av diorittisk til granittisk gneis. Lokaliteten ligg i overgangen mellom klart og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon (Moen 1998), i eit særlig nedbørrikt låglandsområde med særlig mange sterkt oseaniske, fuktrevjande mosar og lav.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld naturtypen bekkekløft og bergvegg med utforminga bekkekløft. Ganske bratt kløft med særskilt mikroklima. Nedre deler er skogkledd, dominert av eldre bjørk med innslag av noko rogn. Lenger opp blir skogen meir glissem og går over i open blokkmark med høge bergveggar på kvar side. Bekken har varierende vassføring og kan i periodar vere heilt utan vatn, men lokaliseringa mot nord og den tronde utforminga gjer likevel at fuktivåhet held seg stabilt. Vegetasjonen er prega av det fuktige miljøet, men ikkje særlig artsrik grunna fattig berggrunn. Botnsjiktet blir dominert av fleire ganske kravfulle fuktrevjande mosar.

Artsmangfold: Det er tidlegare påvist eit utval av sjeldsynte og raudlista mosar og lav heilt nede ved hovudvegen. Både fossegrimemose Herbertus stramineus (VU), kløftgrimemose Plagiochila exigua (NT), kløftgrimemose Herbertus aduncus (NT), pigghinnemose Plagiochila spinulosa (VU), kystkorall-lav Bunodophoron melanocarpum (NT) og hovudsokkodelav Menegazzia terebrata (VU) er nemd i den gamle skildringa av lokaliteten i naturbase. Det er ikkje sikert alle desse framleis finnast, men førekommsten med fossegrimemose blir overvakt (Appelgren 2010). Under kartlegginga i 2013 vart den øvre delen av kløfta kartlagt, og her veks store mengdar purpurmoser Pleurozia purpurea, gullhårmose Breutelia chrysocoma, fleinljåmose Dicranodontium denudatum, kystvebladmose Scapania gracilis, praktvebladmose Scapania ornithopodioides og grannkrekmose Lepidozia pearsonii. Hinnebregne veks vanleg på berg og knausar i området.

Bruk, tilstand og påvirkning:

Fremmede arter:

Del av helhetlig landskap: Lokaliteten inngår i ein mosaikk av viktige miljø med regnskog, anna lauskog og bekkekløfter i Dirdal. Nærleik til så mange andre tilsvarende område, enten dei er avgrensa eller ikkje, er med på heve berdien for fleire av lokalitetane i dalen.

Vegetasjon: Bergsprekk og bergvegg / Bergvegg og bergsprekk (Rødlistebetegnelse) (F2)

Småbregneskog (A5)

Blåbærskog (A4)

Storbregneskog (C1)

Verdivurdering: Intakt bekkekløft med uvanleg fuktig miljø. Det er også funne fleire sjeldsynte og uvanlege artar i lokaliteten. Lokaliteten inngår i tillegg i den lange og særskilt verdifulle nordvendte sørsida av Dirdalen og blir derfor vurdert som svært viktig (A-verdi).

Skjøtsel og hensyn: Verdiane i lokaliteten blir teke best omsyn til under fri utvikling.

### **221, Neseelva, Viktig bekkedrag (Bekk i intensivt drevet jordbrukslandskap) - Verdi A.**

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Torbjørn Høitomt den 11.10.2013 i samband med naturtypekartlegging i Gjesdal kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Ny beskriving og avgrensning 2013 skal erstatte gammal naturtypelokaltet BN00037863, Neseelva, innlagd i Naturbase i 2002 (kartlagt i samband med viltkartlegging i kommunen (Naturbase 2013)). Raudlistekategoriar følgjer Norsk raudliste for artar 2010.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg rett sør for Edlandsvatnet og omfattar store delar av bekdedraget med kantsoner oppover mot Langavatnet. Berggrunnen i området er sammensett av diorittisk til granittisk gneis. Lokaliteten ligg i overgangen mellom klart og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon (Moen 1998), i eit særlig nedbørrikt låglandsområde med særlig mange sterkt oseaniske, fuktrevjande mosar og lav.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld naturtypen viktig bekdedrag med utforminga bekke i intensivt utnytta jordbrukslandskap. I forhold til nye faktaark, kan lokaliteten bli plassert i typen hurtigstrømmende elveløp. Bekkedrag med breie, skogdekte kantsoner dominert av halvgammal bjørk- og vierskog og -kratt, men også med innslag av osp og hassel litt opp i liene. Nokre store eiketre (<60 cm) står langsmed bekken. Viktige artar i felt- og botnvegetasjon er blåtopp, finnskjegg, tepperot, stivstorr, skogburkne, myrtstel, stortujamose Thuidium tamariscum, engkransmose Rhytidiodelphys squarosus og myrfilmose Aulacomnium palustre.

## -Naturtypar i Gjesdal og Tysvær kommunar 2013 -

Artsmangfold: Det vart funne store bestandar av dei to sjeldsynte og truga moseartane bekkelommemoose *Fissidens polyphyllus* (EN) og kystflore *Heterocladium wulfsbergii* (VU). For fyrstnemde er det ny nordgrense i Noreg med klar margin.

Fremmede arter: Det veks litt platanlønn langsmed bekken.

Bruk, tilstand og påvirkning: Lokaliteten er ikkje påverka av nyare fysiske inngrep, men store delar av lokaliteten er gjerdar inn og blir brukt som beitemark. Beitetrykket er bra.

Vegetasjon: Elvemosvegetasjon på Sørlandet og Vestlandet (Rødlistebetegnelse) (P6e)

Verdivurdering: Intakt bekkestrekning med førekomst av to truga arter gjer at lokaliteten blir vurdert som svært viktig (A-verdi).

Skjøtsel og hensyn: Verdiane i lokaliteten blir teke best omsyn til under fri utvikling. Hevd gjennom beite kan/bør halde fram som i dag.

### **222, Oltedalsvatnet NV, Gammal fattig edellauvskog (Eikeskog) - Verdi C.**

Innledning: Lokaliteten er opprinnlegrlagt inn i Naturbase i 2002, men da med ei skildring med store mangler. Lokaliteten er sist kartlagt av BioFokus ved Kim Abel den 10.10.2013 i samband med oppdatering av naturtypekartet i Gjesdal kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Avgrensing og områdeskildring er i denne samanheng oppdatert. Raudlistekategoriar følgjer Norsk raudliste for artar 2010 og Norsk raudliste for naturtypar 2011.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg nordvest for Oltedalsvatnet i Gjesdal kommune, i ein bratt og soraustvendt lisiide. I nedre kant grenser lokaliteten til vegen som går på nordsida av Oltedalsvatnet. Mot nordaust og sørvest er det fjell og andre skogtyper med lågare verdiar som markerer grensa, medan grensa vidare opp i lia er usikker. Her kunne truleg meir skog vore tatt med i avgrensinga, men vidare undersøkingar har ikke vore prioritert i denne omgang grunna at lokaliteten kun er av lokal verdi. Berggrunnen i området er sammensett av granitt og granodioritt og med noko innslag av migmatisk gneis i nordaust (NGU 2014). Lokaliteten ligg i klart oseansk vegetasjonsseksjon (Moen 1998).

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld naturtypen gammal fattig edellauvskog med utforminga eikeskog. Heilt i vest er det partiar med det som best kan bli karakterisert som rik edellauvskog med utforminga rasmask-lindeskog, sjølv om vegetasjonen ikkje er særskilt rik. Tresjiktet er klart dominert av eik. Gjennom heile lokaliteten er det eit sparsamt innslag av bjørk og med noko einer i busksjiktet. Mot vest og sørvest finst eit parti som er dominert av lind, men også ein del eik på blokkmark. Under berg er det eit sparsamt innslag av hassel. Langsmed ein liten bekk sørvest i området er det eit lite innslag av alm (NT), svartor og osp. Vegetasjonen her er noko rikare, med sparsamt med artar som lækjeveronika, skogstorkenebb, markjordbær og mjørdurt. Hegg førekjem sparsamt langsmed små bekdedråg som renn ned lia. Vegetasjonen ellers i området er dominert av fattig blåbærskog.

Artsmangfold: Bortsett frå alm (NT) blei ingen raudlisteartar funne i lokaliteten. Kvitringsnål blei funne på ein bjørkegadd og eikemusling blei funne på ein eikestubbe. På sikt er potensialet bra for raudlisteartar etter kvart som ein får meir død ved og gamle tre.

Bruk, tilstand og påvirkning: Eikeskogen i den nordaustre delen er ikkje spesielt gammal, det er liten aldersvariasjon og sjiktina er dårleg, men den er inkludert på grunn av at det samla sett er eit ganske stort område med eikedominert skog. Det er fleire gamle stubbar spreidd i lokaliteten. Dei beste partia ligg mot sør der det er meir innslag av lind og eika er noko grovere. Einskjelde tre er opp mot 60-70 cm i diameter. Lindetra er som regel rundt 20 cm i diameter, men nokre er opp mot 35 cm. Det er sparsamt med daud ved. Ein straumledning strekk seg gjennom lokaliteten.

Fremmede arter: Ingen registrert.

Verdivurdering: Ganske stor lokalitet med eikeskog, dels blanda med lind. Lokaliteten er ikkje påverka av nyare inngrep, men er ikkje særleg godt utvikla med tanke på gammalskogselement. Lokaliteten har eit brukbart potensiale på sikt for sjeldsynte artar og er difor vurdert som eit lokalt viktig (C-verdi) område.

Skjøtsel og hensyn: For å utvikle verdiane knytta til gamle tre og daud ved bør område bli sett av til fri utvikling.

### **223, Ravndal, Tresett kulturmark (Fattig hagemark utan styva tre) - Verdi B.**

Innledning: Lokaliteten er opprinnlegrlagt av Ambio Miljørådgivning (nå Ecofact) i 2002. Lokaliteten er sist kartlagt av BioFokus ved Kim Abel den 10.10.2013 i samband med naturtypekartlegging i Gjesdal kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Avgrensing og områdeskildring er i denne samanheng oppdatert. Raudlistekategoriar følgjer Norsk raudliste for artar 2010 og Norsk raudliste for naturtypar 2011.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg sør for Oltedalsvatnet og sør for Ravndal i Gjesdal kommune. Her er det ei bratt og sørsvendt lisiide med ein eikehage mellom den søre gården på Ravndal og elva Madlandsåna. Berggrunnen i området er sammensett av migmatittisk gneis (NGU 2014). Lokaliteten ligg i klart oseansk vegetasjonsseksjon (Moen 1998), i eit særleg nedbørrikt låglandsområde med særleg mange sterkt oseansiske, fuktkrevjande mosar og lav.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld naturtypen tresett kulturmark med utforminga fattig hagemark utan styva tre og naturtypen store gamle tre med utforminga eik. Minst 14 av dei store eiketreia oppfyller kravet til å vere ein utvalgt naturtype (hol eik) på grunn av at dei er over 200 cm i omkrets. Det er ikkje observert nokre tydlege holrom i trea. Dimensjonane på eika ligg mykje rundt 50 cm i brythøgediameter og de største eikene ligg opp mot 90-100 cm. Det er også ein stor ask på om lag 60 cm. Barken på eikene er ikkje spesielt grov og det er ein del mose på dei lengre opp i krona. Det står ein eikegadd på nedsida av vegen. Langsmed elva er det nokre svartor og i lisida veks det også nokre frukttrær og hassel. Vegetasjonen er nøyssam med vanlege artar og sterkt prega av gjødsel.

Artsmangfold: Det blei ikkje funne nokre spesielle artar knytta til eikebarken. Det kan vere eit brukbart potensial for truga og sjeldsynte insekt knytta til dei gamle eiketreia.

## -Naturtypar i Gjesdal og Tysvær kommunar 2013 -

Bruk, tilstand og påvirkning: Lokaliteten blir beita av sau delar av året. Bakken blir gjødsla med gjødselkanon og mykje av dette legg seg på stammene til eiketrea, noko som er særslig uheldig. Gardsvegen strekk seg gjennom lokaliteten. Grunneigaren har pleid å fjerne daude tre og grove greiner.

Verdivurdering: Velutvikla eikehage med mange grove tre. Eit dårleg utvikla arts Mangfald og negativ påverknad frå gjødsling trekk verdien noko ned. Lokaliteten ligg likevel i nærleiken av ein annan og stor eikehage litt lenger nordvest og er derfor vurdert som viktig (B-verdi).

Skjøtsel og hensyn: Gjødsling av lokaliteten bør ikkje førekommme. Gjødsel på stammen påverkar arts Mangfaldet særslig negativt. Daude stammer og greiner bør ikkje fjernast frå lokaliteten da substratet er viktig for til dømes ei lang rekke av insekt, sopp og lav. Daude greinar opp i krona i trea bør ikkje fjernast før dei utgjer ein eventuell trussel. Beite bør halde fram for å hindre gjengroing. Oppslag av busker som beitedyra ikkje kan ete bør fjernast.

### **224, Ravndal vest, Tresett kulturmark (Fattig hagemark utan styva tre) - Verdi B.**

Innledning: Lokaliteten er nykartlagt av BioFokus ved Kim Abel den 10.10.2013 i samband med naturtypekartlegging i Gjesdal kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Raudlistekategoriar følgjer Norsk raudliste for artar 2010 og Norsk raudliste for naturtypar 2011.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg sør for Oltedalsvatnet og vest for Ravndal i Gjesdal kommune. Her er det ei bratt og sørvendt lisið med ein eikehage ned mot Madlandsåna og like ved Madlandsånas utløp i Oltedalsvatnet. Berggrunnen i området er sammensett av migmatittisk gneis (NGU 2014). Lokaliteten ligg i klart oseansk vegetasjonsseksjon (Moen 1998), i eit særlig nedbørrikt låglandsområde med særlig mange sterkt oseanske, fuktrevjande mosar og lav.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld naturtypen tresett kulturmark med utforminga fattig hagemark utan styva tre og naturtypen store gamle tre med utforminga eik. Minst 12 av dei store eiketrea oppfyller kravet til å vere ein utvald naturtype (hol eik) fordi dei er over 200 cm i omkrets. Eit par av eikene har tydlege holrom. Dimensjonane på eika ligg mykje rundt 40-60 cm i brysthøgdediameter og de største eikene ligg opp mot 80-90 cm. Borken på eikene er ikkje spesielt grov og det er ein del mose på dei lenger opp i krona. Det står ein eikegadd øvst i lisiða. Langsmed elva er det nokre svartortre. Vegetasjonen er nøy sam med vanlege artar og sterkt preget av gjødsel.

Arts mangfold: Det blei ikkje funne nokre spesielle artar knytta til eikeborken. Det kan vere eit brukbart potensial for truga og sjeldsynte insekt knytta til dei gamle eiketrea.

Bruk, tilstand og påvirkning: Lokaliteten blir beita av sau delar av året. Bakken blir gjødsla med gjødselkanon og mykje av dette legg seg på stammene til eiketrea, noe som er særslig uheldig. Grunneigaren har pleid å fjerne daude tre og grove greiner.

Verdivurdering: Velutvikla eikehage med mange grove tre. Eit dårleg utvikla arts Mangfald og negativ påverknad frå gjødsling trekk verdien noko ned. Lokaliteten ligg likevel i nærleiken til ein annan og stor eikehage litt lenger sør aust og er derfor vurdert som viktig (B-verdi).

Skjøtsel og hensyn: Gjødsling av lokaliteten bør ikkje halde fram. Gjødsel på stammen påverkar arts Mangfaldet særslig negativt. Daude stammer og greiner bør ikkje fjernast fra lokaliteten da substratet er viktig for til dømes ei lang rekke av insekt, sopp og lav. Daude grenar opp i krona i trea bør ikkje fjernast før dei utgjer ein eventuell fare. Beite bør halde fram for å hindre gjengroing. Oppslag av busker som beitedyra ikkje kan ete bør fjernast.

### **225, Bjelland vest, Tresett kulturmark (Fattig hagemark utan styva tre) - Verdi B.**

Innledning: Lokaliteten er opprinnleg kartlagt av Ambio Miljørådgivning (nå Ecocraft) i 2002. Lokaliteten er sist kartlagt av BioFokus ved Kim Abel den 10.10.2013 i samband med naturtypekartlegging i Gjesdal kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Avgrensning og områdeskildring er i denne samanheng oppdatert. Raudlistekategoriar følgjer Norsk raudliste for artar 2010 og Norsk raudliste for naturtypar 2011.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg vest i Gjesdal kommune, aust av Limavatnet og nordvest for Bjelland gård. Her ligg lokaliteten i samband med eit større innmarksområde i ei sør austvendt lisið. Delar av lokaliteten er avmerka som skog på kartet og delar som innmark. Det meste er består av ei bratt lisið rundt ein bergknaus med bratte bergveggar mot sør og store steinblokker i underkant. Avgrensninga er grov og med glidande overgangar ut til triviell hagemark/beite, spesielt i vest og nordaust. Berggrunnen i området er sammensett av migmatittisk gneis (NGU 2014). Lokaliteten ligg i klart oseansk vegetasjonsseksjon (Moen 1998), i eit særlig nedbørrikt låglandsområde med særlig mange sterkt oseanske, fuktrevjande mosar og lav.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld naturtypen tresett kulturmark med utforminga fattig hagemark utan styva tre, men sentrale delar er meir utilgjengelege for dyra på grunn av store steinblokker, og er nærmest rein skogsmark. Det er minst fire eiketrea som oppfyller kravet for å vere ein utvald naturtype (hol eik) på grunn av at dei er større enn 200 cm i omkrets. Tresjiktet er for ein stor del dominert av bjørk, men det er og spreidd innslag av eik, til dels grove dimensjonar, samt ein god del osp. Lind, hassel og rogn står spreidd i lokaliteten. Vegetasjonen er fattig og triviell. Blåbærskog dominerer, men store delar er sterkt beitepåverka.

Arts mangfold: Det vart ikkje funne nokre sjeldsynte eller raudlista arter knytta til de gamle trea, men det er eit visst potensial for lav, sopp og insekt. Hakkespettar har gode forhold i gammal osp.

Bruk, tilstand og påvirkning: Eiketrea er tydeleg prega av å ha stått lysope til over lang tid. Greinsettinga startar langt nede og kronene er breie. Det er minst fire tre over 200 cm i omkrets (ca 80 cm, 62 cm, 70 cm og 70 cm i brysthøgdediameter). Eit av dei er truleg hol i ein tidleg fase. Det er nokre daude greiner i trekrona. Ospa er til dels grov og med fleire opp mot 50 cm i brysthøgdediameter. Dei fleste ligg rundt 30-35 cm. Det er noko daud ved av osp. Det er også fleire grove og gamle rogn.

Del av helhetlig landskap: Lokaliteten inngår i eit større og variert beiteområde med både beiteskog, hagemark og beitemark.

Verdivurdering: Forholdsvis stort område med hagemark der det er innslag av mange grove og gamle lauvtre, av dei minst fire grove eiketrea. Det er potensial for nokre kravfulle artar knytta til gamle tre. Triviell vegetasjon og ein del areal med låg tetthet av gamle tre trekker verdien noko ned. Samla sett blir området vurdert til å vere viktig (B-verdi).

Skjøtsel og hensyn: Beite bør halde fram. Hindre oppslag av nytt kratt med unntak av dei sentrale delar som har meir skogspreng. Daude stammer og greiner bør ikkje fjernast fra lokaliteten da substratet er viktig for mellom anna ei lang rekke av insekt, sopp og lav.

**226, Bjelland, Store gamle tre (Andre treslag) - Verdi C.**

Innledning: Lokaliteten er opprinnelig kartlagt av Ambio Miljørådgivning (nå Ecofact) i 2002. Lokaliteten er sist kartlagt av BioFokus ved Kim Abel den 10.10.2013 i samband med naturtypekartlegging i Gjesdal kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Avgrensing og områdeskildring er i denne samanheng oppdatert. Raudlistekategoriar følgjer Norsk raudliste for artar 2010 og Norsk raudliste for naturtypar 2011.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg vest i Gjesdal kommune, aust av Limavatnet og på tunet til Bjelland gård. Det gjeld eit stort og gammalt hestekastanjetre på tunet mellom to bolighus. Berggrunnen i området er sammensett av diorittisk til granittisk gneis. Lokaliteten ligg i overgangen mellom klart og sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon (Moen 1998), i eit særleg nedbørrikt låglandsområde med særleg mange sterkt oseaniske, fuktrevjande mosar og lav.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga omfattar naturtypen store gamle tre med utforminga andre treslag. Treet er grovt og om lag 120 cm i brythøgdediameter. Det er mykje mose på treet, og lite lav. Mosefloraen er ikkje nærmare undersøkt. Sjølv om hestekastanje er eit framand treslag har det vist seg at det ofte er knytta sjeldsynte artar til desse trea i denne regionen. Treet er difor kartlagt som naturtype.

Artsmangfold: Lavfloraen var dårleg utvikla, men det er eit potensial for krevjande artar av mose på stammen.

Bruk, tilstand og påvirkning: Frittståande hestekastanjetre på ope tun.

Del av helhetlig landskap: Rundt gården Bjelland er det fleire framande arter av tre, spesielt bok.

Verdivurdering: Stort, grovt og frittståande tre med eit potensial for sjeldsynte artar knytta til borken. Verdien vurderast til å vere lokalt viktig (C-verdi) grunna at treet er eit framnd treslag, samt at det ikkje er dokumentert nokre sjeldsynte artar.

Skjøtsel og hensyn: Liten fare for attgroing rundt treet gjer at det ikkje er nokre umiddelbare hensyn å tenke på.

**228, Røyrdalen, Gammal boreal lauvskog - Verdi C.**

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Jon T. Klepsland den 09.10.2013 i samband med naturtypekartlegging i Gjesdal kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Lokaliteten er gitt ny skildring og avgrensing og skal erstatta førra versjon (BN00037825). Avgrensinga er snevra kraftig inn grunna marginale naturverdiar mot høevis aust og vest. Heile lisida er ikkje undersøkt, så ein skal ikke sjå heilt bort frå at det kan vere grunnlag for å avgrense fleire naturtyper. Eventuelle raudlistekategoriar (i parentes) følgjer "Norsk raudliste for artar 2010" og "Norsk raudliste for naturtypar 2011".

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg i nordvendt helling på sørsida av Ragsvatnet i Gjesdal kommune. Lokaliteten ligg i sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon (Moen 1998) og berggrunnen er av granittiske gneiser (NGU 2014). Avgrensinga omfattar parti med eldre bjørkeskog og rikare bergrotvegetasjon, samt oseansk element knytt til nordvendte berg. Lokaliteten er noko skjønnsmessig avgrensa i sørvest og nordaust av meir glissen og småvaksen bjørkeskog, samt brattare terrenget av meir eksponerte berg med antatt låg naturverdi. I nedkant grensar lokaliteten til rydda kraftgate og tynnstamma ungskog.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Bjørkedominert lauvblandingsskog på stabilisert ur/rasmark nedanfor høge bergveggar. Lauvskogen har tydelige oseaniske vegetasjonstrekk.

Artsmangfold: Tresjiktet er dominert av bjørk, men stadvis inngår ein del ask (NT), rogn, selje, hegg og hassel. Feltsjiktet er dominert av blåbær og smyle samt varierande mengd sisselrot, skogburkne, raggtelg, stankstorkenebb, gjøksyre m.fl. Opp mot bergveggane er det dominans av blåtopp og det inngår urter som gulisdre, rosenrot, teibær, markjordbær, mjødurt, blåknapp, firkantperikum, skogstorkenebb, kvitbladtistel, kranskonvall, vendelrot og hengeaks. Botnsjiktet er dominert av m.a. etasjemose, kystkransemose, fjermose og storstylte. Gulhårmose fins opp mot bergveggane. Meir krevjande kryptogamar er ikkje påvist, men det er eit visst potensial.

Bruk, tilstand og påvirkning: I sør er skogen temmelig ung og tynnstamma heilt opp til bergrota. I nord er det til dels relativt gammal og fleirsjikta bjørkeskog med spreidde daudvedelement.

Fremmede arter: Sparsamt innslag av platanlønn (SE).

Verdivurdering: Lokaliteten vurderast som lokalt viktig grunna førekosmt av relativt gammal bjørkeskog, rikare bergrotvegetasjon og nordvendte berg og rasmark med innslag av hyperoseaniske kryptogamar. Lite areal og mangel på funn av (og antatt dårleg potensial for) spesielt krevjande artar gjer at verdivurderinga ikkje når høgare.

Skjøtsel og hensyn: For å sikre naturverdiane bør ein sette av området til fri utvikling utan inngrep (hogst, terregningngrep mm.).

**229, Oltesvik, Gammal boreal lauvskog - Verdi B.**

Innledning: Lokaliteten er kartlagt av BioFokus ved Jon T. Klepsland den 09.10.2013 i samband med naturtypekartlegging i Gjesdal kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Lokaliteten er gitt ny skildring og avgrensing og skal erstatta førra versjon (BN00037827) kartlagt av Ambio v/T. Tysse (2002). Det er berre gjort små justeringar i avgrensinga. Berre søndre tredjedel er synfart i denne omgang. Eventuelle raudlistekategoriar (i parentes) følgjer "Norsk raudliste for artar 2010" og "Norsk raudliste for naturtypar 2011".

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på austsida av Kammen, ned mot Frafjorden, i Gjesdal kommune. Lokaliteten ligg i sterkt oseanisk vegetasjonsseksjon (Moen 1998) og berggrunnen er hovudsakleg av granittiske gneiser (NGU 2014). Lokaliteten er noko skjønnsmessig og omrentleg avgrensa då overgangane til meir ordinær skog med låg naturverdi er diffus og skogkvalitetane dessutan vekslar slik at parti med låg naturverdi vanskeleg let seg kartteknisk skilje frå parti med høgare verdi. Slik lokaliteten er teikna grenser den til fjorden i aust, i stor grad til bratte berg i vest, og til meir triviell og fattig skog- og kulturmark i nord.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga omfattar i hovudsak fattig til intermediaærrik bjørkeskog samt bergveggar, bergsva og rasmark. Det inngår likevel óg parti med rikare urt-bregne-vegetasjon og små parti med edellauvskog. Lauvskogen har tydelige oseaniske vegetasjonstrekk.

## -Naturtypar i Gjesdal og Tysvær kommunar 2013 -

Artsmangfold: Tresjiktet er stort sett dominert av bjørk. Lokalt kan det også vere bra innslag av rogn, selje, hassel og/eller ask. Lind finst meir sparsamt. Feltsjiktet er over store areal dominert av storfrytle og skogburkne. I rikare/frodigare/fuktigare parti inngår m.a. maigull, ormetelg, markjordbær, stankstorkenebb, skogkarse, skogstjerneblom, mjødurt, skogsvinerot og brunrot. Tilknytta bergveggar er det gjort funn av m.a. hinnebregne, småstytle, heimose, pelssåtemose, gullhårmose og buktporelav. Av krevjande epifyttar er det kun gjort eitt funn; nærmere bestemt grå buktrkinslav (EN) på eldre bjørk. Innslaget av krevjande kryptogamar (i den delen av området som er synfart) må beteknast som sparsamt.

Bruk, tilstand og påvirkning: Skogen syner ei generelt høg utnyttingsgrad frå gammalt av. Vegetasjonen ber ikkje særlig preg av tidlegare beitebruk, men skogstrukturen tyder på omfattande uttak av virke, særlig i lågareliggende deler kor skogen nå stort sett er ganske aldershomogen og av moderat alder. Høgare opp og i bratt terreng er det betre utvikla naturskogsstruktur med til dels sterkt fleirsjikt og feiraldra bjørkeskog kor det også inngår ein del daudvedeelement. Lokaliteten er utan større tekniske inngrep eller nyare hogstingrep.

Verdivurdering: Stor og velarrondert lauvskogsli med spreidde førekromster av meir eller mindre krevjande kryptogamar. Dette gjer at lokaliteten vurderast som viktig. Varierande skogkvalitet (ganske store areal med relativt ung og aldershomogen skog) og få funn av spesielt sjeldsynte eller krevjande artar gjer at verdivurderinga ikkje når høgare.

Skjøtsel og hensyn: For å sikre naturverdiane bør ein sette av området til fri utvikling utan inngrep (hogst, terrengeinngrep mm.). Mindre plukkhogstuttak treng ikkje naudsynlegvis ha negativ konsekvens på naturverdiane.

### **231, Dirdal, Rik sump- og kjeldeskog (Varmekjær kjeldelauvskog) - Verdi A.**

Innledning: Lokaliteten blei opprinnleig kartlagt av Ambio (nå Ecofact) i samband med naturtypekartlegging i 2002. I samband med naturtypekartlegging i Gjesdal kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland er lokaliteten i 2013 besøkt av BioFokus ved Anders Thylén. Avgrensing og områdeskildring er i denne samanheng oppdatert. Raudlistekategoriar følgjer Norsk raudliste for artar 2010 og Norsk raudliste for naturtypar 2011.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Området ligg ved utløpet av Dirdalsåa på austsida av elva, i kanten mellom elvesletta og dei bratte liene under Ramnstoknutan. Sumpskogen følgjer ein til dels meandrante bekke. Lokaliteten er vesentlig redusert i omfang, da strekning med fastmarksskog og flaummarksskog mot nord er skilt ut som eigen lokalitet. Berggrunnen er samansett av augegneis og granitt, men det ligg eit lag med elvesediment over.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Naturtype er rik sump- og kjeldeskog av undertype varmekjær kjeldelauvskog. Næringsrikt sigevatn kjem ned lisida og blir pressa ut ved bergfoten, noko som gjev grunnlag for ein rik kjeldeprega sumpvegetasjon. Nokre litt fattigare parti med mindre kjeldepreg inngår. Svartor dominerer heilt i tresjiktet, berre mindre innslag av andre treslag, noko ask mot sør. Andre edellauvtre finst i nedre del av lisida i aust. Mjødurt, krypsoleie og vendelrot er dominerende artar i feltsjiktet. Det er også mykje sølvbunke og blåtopp. I parti dominarar meir typiske kjeldeskogsartar som skogkarse, sumphaukeskjegg, maigull og skognelle. Ein grov, hol ask står i sørrenda, ellers svartor på 40-45 cm diameter. Einskjelde dødvedeelement finst spreidd.

Artsmangfold: Det er gode bestandar av bl.a. slakkstorr og sumphaukeskjegg. Skogmarihånd blei også funne i området. På ein gammal ask vaks lungenever. Kastanjefiltlav er tidlegare (1947) funne i nærleiken, ukjart om innanfor lokaliteten og om den framleis er tilstede.

Bruk, tilstand og påvirkning: Lokaliteten ligg innanfor storfebeite, men det er likevel trulig lite beite her i dag. Parti med noko glissent tresjikt samt nokre typiske beiteartar tydar på beitepåverknad over tid.

Fremmede arter: Det er ikkje registrert framande artar innanfor avgrensninga, men platanlønn finst i nærleiken.

Del av helhetlig landskap: Området er ein del av et verdifullt natur- og kulturlandskap langsmed austre sida av Dirdalsåna, med fleire naturtypelokalitetar (viktig bekkedrag/flaummarksskog mot nord og edellauvskog oppover i lia).

Verdivurdering: Sumpskog over 5 daa, dominert av kjeldeprega grunntyper tilseier verdi særskilt viktig (A-verdi).

Skjøtsel og hensyn: Fri utvikling ivaretar og videreutviklar dei biologiske kvalitetane på best mogleg måte.

### **232, Dirdal bekk, Viktig bekkedrag - Verdi B.**

Innledning: Lokaliteten er nykartlagt av BioFokus ved Anders Thylén den 10.10.2013 i samband med naturtypekartlegging i Gjesdal kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Den var tidligare ein del av lokaliteten BN00037810, men er nå skilt ut som eigen lokalitet med ny avgrensing. Raudlistekategoriar følgjer Norsk raudliste for artar 2010 og Norsk raudliste for naturtypar 2011.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Området ligg ved utløpet av Dirdalsåa på austsida av elva, i kanten mellom elvesletta og dei bratte liene under Ramnstoknutan. Lokaliteten omfattar kantskog langsmed ein bekke og eit til dels tørt elveleie. Det sistnevnte blir truleg flauma ved høg vasstand i Dirdalsåna. Berggrunnen er samansett av augegneis og granitt, men det ligg eit lag av elvesediment over. Botnen er fastmark og i bekkeleiet finst ein mosaikk grusparti og meir leirete parti. Nokre vannsug kjem ned fra skråninga, og det er stedvis svake sumpdenser, men utan å kunne bli klassifisert som sumpskog. Området grensar til kulturmark i vest.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Lokaliteten er kartlagt som viktig bekdedrag, men kunne også vært registrert som flaummarksskog. Bekken har til tider svært låg vassføring, men ved høg vasstand i Dirdalsåna blir dette bekkeleiet fyllt opp. Svartor dominarar tresjiktet, men det er noko innslag av bjørk, ask, spisslønn, platanlønn, hegg og selje. I og inntil bekkeleiet veks mellom anna sølvbunke, gaukesyre, skogkarse, vendelrot, krypsoleie, blåkoll og krusfagermose. På delar av strekninga er det berre ei smal trerekke langsmed bekkeleiet. Grov svartor på 50 cm diameter og grov hegg på 35 cm blei sett. Einskjelde daudvedeelement finst.

Artsmangfold: Hovudskodelav er tidlegare funne i nærleiken, men ukjart om innanfor avgrensinga.

Bruk, tilstand og påvirkning: Lokaliteten ligg innanfor storfebeite, og delar av området er tydeleg prega av beite.

Fremmede arter: Platanlønn finst sparsamt.

## -Naturtypar i Gjesdal og Tysvær kommunar 2013 -

Del av helhetlig landskap: Er ein del av eit verdifullt natur- og kulturlandskap langsmed austre side av Dirdalsåna, med fleire naturtypelokalitetar (viktig bekkedrag/flaummarksskog mot nord og edellauvskog oppover i skråninga).

Verdivurdering: Smal kantskog langsmed bekkeleie som til tider er vassfyllt. Ein del grove tre og noko daud ved finst. Lokaliteten blir vurdert som viktig (B-verdi).

Skjøtsel og hensyn: Fri utvikling ivaretar og videreutviklar die biologiske kvalitetane på best mogleg måte. Beite kan halde fram som i dag.

### **233, Dybingvatnet Ø, Gammal boreal lauvskog (Gammal bjørkeskog) - Verdi B.**

Innledning: Lokaliteten blei opprinnelig kartlagt av Ambio (nå Ecocat) i samband med naturtypekartlegging i 2002. I samband med naturtypekartlegging i Gjesdal kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland er lokaliteten i 2013 besøkt av BioFokus ved Anders Thylén. Avgrensning og områdeskildring er i denne samanheng oppdatert. Raudlistekategoriar følgjer Norsk raudliste for artar 2010 og Norsk raudliste for naturtypar 2011.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg aust for Dypingsvatnet nord for Byrkjedal i Gjesdal kommune. Den utgjer ei vestvendt liside med skogkledd, storblokka rasmark og med ein del bergveggar.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld naturtypen gammal boreal lauvskog med utforminga gammal bjørkeskog. Det er eldre lauvskog dominert av bjørk, men med relativt stort innslag av rogn og selje. Blåbærmark dominarar, men det er rikare parti med småbregne, svak lågurtskog og fuktige sig. Vanlege artar i feltsjiktet er blåbær, skogburkne, broddteig, storfrytle, gauksyre og bringebær. Skogen innheld ein del nokså grove tre av ulike treslag. Mange rogn er daude, og det finst óg høgstubbar og læger av bjørk og selje. Ned mot vatnet sør i området står fire gamle styvingstre (rogn og selje) på opptil 1 meter i diameter brysthøgde. Ein av desse har tydelege holrom.

Artsmangfold: I nokon rike sig er det meir artsrik karplanteflora med maigull, lundrapp, skogstjerneblom, junkerbregne, markjordbær, skogrøyrkevin, loppestorr og småengkall. Av mosar finst kystjammemose, kystkransemose, kysttornemose og putevrimore. Det veks ein del kjuker på trea, m.a. valkeldkjuk på gammal bjørk. Område er truleg viktig for hakkespettar, og kvitryggspett skal tidlegare ha vore registrert her.

Bruk, tilstand og påvirkning: Skogen er tidlegare trulig kulturpåverka med beite og lauving, men er lite påverka i seinare år.

Fremmede arter: Det er ikkje registrert framande artar i området.

Del av helhetlig landskap: Lokaliteten utgjer den eldste og rikaste delen av dei skogkledde lisidene rundt Dypingsvatnet. Gammalskogskvaliteter finst spreidd rundt vannet, utan at alt kvalifiserer som prioritert naturtype. På nordsida av vatnet er det registrert ein mindre naturtypelokalitet med skog.

Verdivurdering: Relativt gammal skog med nokre middels godt utvikla naturskogelement. Førekomst av bergveggar og rike sig. Lite dokumentert arts mangfold, men et visst potensial for m.a. lav og mosar. Vurderast som viktig (B-verdi).

Skjøtsel og hensyn: Naturverdiane i lokaliteten blir teke best omsyn til under fri utvikling.

### **234, Dybingvatnet N, Gammal fattig edellauvskog - Verdi C.**

Innledning: Lokaliteten er nykartlagt av BioFokus ved Anders Thylén den 10.10.2013 i samband med naturtypekartlegging i Gjesdal kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland. Raudlistekategoriar følgjer Norsk raudliste for artar 2010 og Norsk raudliste for naturtypar 2011.

Beliggenhet og naturgrunnlag: Lokaliteten ligg på nordsida av Dypingsvatnet nord for Byrkjedal i Gjesdal kommune. Den utgjer delar av ei sørvendt liside med skogkledd, storblokka rasmark.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld naturtypen gammal fattig edellauvskog med førekomst av lind og hassel. Eldre lauvskog med bjørk dominarar, men parti med lind og hassel er avgjerande for at lokaliteten blir vald ut som naturtypelokalitet. Det er noko innslag av osp og rogn. Blåbærskog dominarar, men det er parti med noko rikare småbregneskog og einskjelde svake lågurtartar. Førekomst av grove lindetre på 60 cm brysthøgdediameter. Det er ellers noko ståande og liggende daud ved av bjørk.

Artsmangfold: Det er ikkje registrert særskilt krevande artar i området, men det er noko potensial for artar knytta til gammal lind.

Bruk, tilstand og påvirkning: Det er lite nyare påverknad, men forholdsvis små mengder daud ved vitnar om tidlegare (plukk)hogst.

Fremmede arter: Det er ikke registrert framande artar i området.

Del av helhetlig landskap: Lokaliteten utgjer den rikaste delen av ei skogkledd liside, som generelt har nokre gammalskogskvalitetar men utan å kvalifisere som prioritert naturtype. På austsida av vatnet finst óg ein naturtypelokalitet med skog.

Verdivurdering: Førekomst av lind og daudvedelement av bjørk motivverear avgrensing. At naturskogspreget er forholdsvis svakt utvekla, og at det ikkje er gjort interessante artsfunn trekker verdien noko ned. Lokaliteten vurderast som lokalt viktig (C-verdi).

Skjøtsel og hensyn: Naturverdiane i lokaliteten blir teke best omsyn til under fri utvikling.

### **235, Gloppenutan, Gammal lauvskog (Gammalt ospeholt) - Verdi C.**

Innledning: Lokaliteten blei opprinnelig kartlagt av Ambio (nå Ecocat) i samband med naturtypekartlegging i 2002. I samband med naturtypekartlegging i Gjesdal kommune på oppdrag frå Fylkesmannen i Rogaland er lokaliteten i 2013 besøkt av BioFokus ved Anders Thylén. Avgrensning og områdeskildring er i denne samanheng oppdatert. Raudlistekategoriar følgjer Norsk raudliste for artar 2010 og Norsk raudliste for naturtypar 2011.

## -Naturtypar i Gjesdal og Tysvær kommunar 2013 -

Beliggenhet og naturgrunnlag: Området ligg ved Gloppenutan sør for Madland i Gjesdal kommune, og utgjer vestvendte og til dels sørsvendte lisider under fjellet. Det er noko varierande topografi med fjellknausar og smådalar med ulik eksponering. Bergvegar og steinblokkar finst i området, samt ein del småbekkar og fuktig.

Naturtyper, utforminger og vegetasjonstyper: Avgrensinga gjeld naturtypen gammal boreal lauvskog med utforminga gammal ospeskog. Det er eldre lauvskog dominert av osp og bjørk, men med noko innslag av rogn og einer. Blåbærmark dominarar, men det er nokså store areal med småbregne/storbregneskog og nokre litt rikare parti langsmed fuktige sig. Vanlege artar er blåbær, skogburkne, broddtelg, tepperot, smyle, storfrytle og gauksyre. Skogen er halvgammal og det er spreidd med ståande og liggande (forholdsvis fersk) daud ved.

Artsmangfold: Maigull finst i fuktig. Det er ellers ikkje registrert krevande artar i området, men det er noko potensial for artar knytta til gamle tre og daud ved.

Bruk, tilstand og påvirkning: Det er lite nyare påverknad, men mangel på gamle tre og eldre læger vitnar om tidlegare (plukk)hogst.

Fremmede arter: Det er ikkje registrert framande artar i området.

Verdivurdering: Førekomst av eldre skog med osp og bjørk og ein del daudvedelement motiverear avgrensing. Skogen er i parti yngre og særs fattig, noko som saman med at naturskogspreng generelt er forholdsvis svakt utvikla, trekker verdien ned. Lokaliteten vurderast som lokalt viktig (C-verdi).

Skjøtsel og hensyn: Naturverdiane i lokaliteten blir teke best omsyn til under fri utvikling.

---

## 4 Diskusjon

### 4.1 Ansvarsnaturtypar og -artar i Gjesdal kommune

Kapittelet er ment å fokusere på heilt særeigne naturkvalitetar som kommunen har eit særskild ansvar for i eit regionalt til nasjonalt perspektiv.

Gjesdal ligg i kjerneregionen for ei lang rekkje sjeldsynte og truga råmekrevjande kryptogamar med sørvestleg utbreiing i Noreg. Desse artane er knytt til fleire ulike naturtypar, men gammal lauvskog, rik edellauvskog, bekkekløft og bergvegg, nordvendte kystberg og blokkmark, tresett kulturmark og store gamle tre er truleg dei viktigaste. Særs viktige område er Dirdal, Frafjorddalen og Oltedal. Det er funne ei lang rekkje raudlista artar i kommunen, men det er særleg gruppene av lav og mosar som peiker seg ut med mange sjeldsynte artar.

### 4.2 Ansvarsnaturtypar og -artar i Tysvær kommune

Kapittelet er ment å fokusere på heilt særeigne naturkvalitetar som kommunen har eit særskild ansvar for i eit regionalt til nasjonalt perspektiv.

Tysvær ligg i utkanten av det ein kan kalle ein kjerneregion for truga, råmekrevjande kryptogamar med sørvestleg utbreiing i Noreg. Det er særleg områda heil søraust i kommunen som er av interesse i denne samanheng. I kring Hindarvåg og Nedstrand finst artsrike miljø knytta til naturtypane rik edellauvskog, bekkekløft og bergvegg, nordvendte kystberg og blokkmark, tresett kulturmark og store gamle tre. Det er funne fleire raudlista artar i dette området, og det er særleg gruppene av lav og mosar som peiker seg ut med mange sjeldsynte artar.



Bekkelommemose (EN) blei funne i Neseelva ved Ålgård. Dette er nye nordgrense for arten i Noreg. Foto: Torbjørn Høitomt (BioFokus).



## 5 Litteratur

Gaarder, G., Jordal, J. B., Fjeldstad, H. og Johnsen, J. I. 2010. Supplerande kartlegging av naturtypar i Rogaland i 2009. Fylkesmannen i Rogaland, Miljøvernnavdelinga. Miljørappoert 3-2010.

Gaarder, G. m.fl. 2013. Supplerande kartlegging av skog i Rogaland 2011. Upopl.?

Kålås, J. A., Viken, Å., Henriksen, S. og Skjelseth, S. (red.). 2010. Norsk rødliste for arter 2010. Artsdatabanken, Trondheim.

Lindegard, A. og Henriksen, S. (red.). 2011. Norsk raudliste for naturtypar 2011. Artsdatabanken, Trondheim.

Naturbase 2014. Direktoratet for Naturforvaltning.  
[http://dnweb12.dirnat.no/nbinnsyn/NB3\\_viewer.asp](http://dnweb12.dirnat.no/nbinnsyn/NB3_viewer.asp)

Tysse, T. 2002. Kartlegging av naturtyper i Gjesdal kommune. Ambio Miljørådgivning AS, rapp 15403-1. 35 s.

Øygarden, A.H & Vorraa, O. 2004. Biologisk mangfold i Tysvær kommune. Utvalgte områder III. Haugaland Naturkompetanse.



**BioFokus** er en ideell stiftelse som skal tilrettelegge informasjon om biologisk mangfold for beslutningstakere, samt formidle kunnskap innen fagfeltet bevaringsbiologi. BioFokus ønsker å bidra til en kunnskapsbasert forvaltning av norsk natur.

En kunnskapsbasert forvaltning forutsetter god dokumentasjon av de arealene som skal forvaltes. BioFokus legger derfor stor vekt på feltarbeid for å sikre oppdaterte og relevante data om botanikk, zoologi, økologi, samt avgrensning og verdisetting av områder.

Høy kompetanse er en forutsetning for å kunne registrere og presentere biologisk mangfold-data på en god måte. BioFokus sine medarbeidere er derfor godt skolert innenfor en rekke artsgrupper og har en bred økologisk forståelse for de ulike naturtypene som de arbeider med, det være seg skog, kulturlandskap eller ferskvann. Digitale verktøy som databaser, GIS og bilde-behandling er viktige redskaper i vårt arbeid for å anskueliggjøre naturverdier på en best mulig måte.

Stiftelsen utgir to digitale rapportserier som heter  
BioFokus-rapport og BioFokus notat,  
<http://www.biofokus.no/Publikasjoner/publikasjoner.htm>



Gaustadalléen 21  
0349 OSLO  
Org.nr: 982 132 924  
post@biofokus.no  
www.biofokus.no

ISSN 1504-6370  
ISBN 978-82-8209-336-1

**BioFokus-rapport 2014-7**